

Kvinnhersminne – årbok XIII

Arbeid- og kvardagsliv i bygdene våre

ARRANGEMENTS LEG
BAAT FOR STÅVANG
FISKEHANDEL STAVA
DEMENSJ
LENGSTE LENGDE:
STØRSTE BREDE:
DYRDE RIDS:



GRØN

Kvinnhersminne

Årbok for Kvinnherad XIII

Kvinnhersminne

Årbok for Kvinnherad XIII

Skriftstyre:
Styret i Kvinnherad sogelag

Skriftstyrar:
Jorunn Toskedal

Utgjeven av
KVINNHERAD SOGELAG
2007

KVINNHERADSMINNE
Årbok for Kvinnherad XIII
ISSN 0800-6393

Skriftstyre:
Styret i Kvinnherad sogelag

Grafisk produksjon:
Kvinnheringen, Husnes

Forord

Er det dette dei kallar utvikling? Dette spørsmålet stiller ein av artikkelforfattarane i «Kvinnhersminne 2007» seg, etter å ha sett attende det ho har opplevd, lese og lært i eit langt liv.

Tema for «Kvinnhersminne 2007» er arbeid- og kvardagsliv i bygdene våre. Vi å ha fått fram mykje interessant stoff om desse emna som vi trur mange vil ha glede av å lesa. Mangt vil de også nikka attkjennande til. Utviklinga i det forrige hundreåret har vore formidabel, og mykje av det som skjedde berre for 50 år sidan er som henta frå ei heilt anna verd for dei som veks opp i dag. Difor er det viktig å få fram at det velferdssamfunnet vi har i dag er tufta på tidlegare generasjonars arbeid og slit, og at dagens slagord om å ta vare på ressursane var tvingande nødvendig for dei som levde for nokre tiår sidan

I «Kvinnhersminne 2007» har vi artiklar frå dei store næringsvegane i kommunen vår dei siste 100–150 åra: Jordbruk, fiske, båtbygging, men også litt om bergverk, handverk og handel. Vi har elles med artikkel om kvinnearbeid, og kvinna si rolle i samfunnslivet. Dyktige og solide skribentar har vore Aslaug og Olav Eik, Knut E. Skåla, Wenche Skaaluren og Margit Toskedal.

I arbeidet med desse emna oppdaga me det store mangfaldet i verksemdar, handverk og handel i dei ulike «sentra» kringom i kommunen. Difor var

Halvor Medhus sin artikkel midt i blinken, om korleis han hugsa Rosendal då han var i tenåra, med butikkar og særmerkte personar i Skålagato. Og dermed - for å få balanse mellom indre og ytre luten - fekk me Anny Mehl til å skriva noko frå Sæbøvik. Ho fekk med seg skrivekyndige folk frå Halsnøy, og resultatet vart ei lita skattkiste av barndomsminne, fortalt med ein glimt i auga.

Ved eit tilfelle kom vi over ein mustein av ei bok, «Det norske næringsliv Hordland Fylkesleksikon 1950». I denne boka er dei ulike verksemdene i fylket vårt samla. Som eit vedlegg tek vi med ei oversikt over verksemdene frå våre bygder for 57 år sidan.

Vi har vore heldige å få tilgang til ein perm, der Johan Lund (1896–1975) frå Omvikdalen har samla små notat om overtru, teikn og merke frå tidlegare tider her i kommunen. Smakebitar frå denne samlinga vert nytta i «Kvinnhersminne2007» som små, forvitnelege «pauseinnslag». Me vonar å kunna bruka meir frå denne samlinga ved eit seinare høve.

Så vonar me at de vil ha glede av heftet vårt. God lesnad!

Jorunn Toskedal, red.

Innhald:

Næringslivet i tidlegare tider	Side 9
Handelen veks fram	10
Gruvedrift – eit eventyr som enda i armod	11
Rosendal i 1950-åra	Side 15
Ei bygd med bønder og butikkar	15
Menn vi la merke til	18
Kvinner vi la merke til	22
Fartybygging i Kvinnherad 1820–1950	Side 25
Ei handverktradisjon som er borte	25
Tidsbolkane	26
Fartytypane	28
Byggemetodar og bygging	32
Materialer og underleverandørar	35
Skipstømmermannen	37
Verft og byggeplassar	40
Fiske i Kvinnherad	42
Brislingfiske	45
Dei første hermetikkfabrikkane	47
Skottehandelen	50
Jordbruk i endring	53
Det store hamskiftet	53
Krigsåra	60
Etterkrigstida	61
Veret	63

Laksefiske i Pileteigen	67
Gamle Skaalabuo til minne	75
Ei lita handelssoge frå Rosendal	75
Det var ein gong	83
Noko lest, litt høyrte og mangt lært i livets skule	83
«Berre kvinnfolkarbeid»	84
Helsevesenet veks fram	89
Eit gryande mediasamfunn	91
Er det dette dei kallar utvikling?	92
Halsnøysamfunnet kring 1950	96
Leik og morro	96
Lokalsamfunnet. Arbeid, liv og røre	100
Fantane kjem	104
Skuletida	106
Ungdomstid	108
Bedehuskulturen	108
Arbeid og utdanning	109
Verksemder i Kvinnherad ca. 1950	111
Endra samfunnsstruktur	111
Meir spesialisering	112
Skipsbygging	112
Handverk og småindustri	112
Opplisting av verksemder	113

Næringsliv i tidlegare tider

JORUNN TOSKEDAL

Fram til langt inn på 1900-talet handla kvardagen for folk flest for det meste om ein einaste ting: Å halda liv i seg og sine! Budde du ved kysten, livberga du deg av fiske, budde du i eit jordbruksdistrikt, vart gardsarbeid levevegen din. Folk på Vestlandet levde ofte både av jorda og av det sjøen gav.

Ulikt handverksarbeid var knytte til desse næringane: Det skulle lagast verktøy og reiskap, hus og båtar skulle byggjast og haldast vedlike og folk laut ha klede og sko på kroppen. Til å byrja med vart også dette arbeidet utført av folk på garden, men etter kvart vaks ulike handverkprofesjonar fram: Snikkarar, båtbyggjarar, smedar, skreddarar, skomakarar osv. Ugifte kvinner livnærde seg først og fremst som tenestejenter på gardane, med mykje slit mot lite betaling, men også som bakstekoner og syersker. Og på dei største gardane hadde dei gjerne høve til å leiga hjelpejenter i dei store onnene og ved slakting og husavask.



Terøya. Her låg ein av dei første landhandlane i Kvinnherad.

Handelen veks fram

I Kvinnherad trong dei kjøpa korn som i landet elles, men langt fram på 1800-talet var folk stort sett sjølvhjelpne. Mat og klede fekk dei elles av det garden og sjøen gav, og stort anna hadde dei ikkje trong for. I tillegg til korn, måtte det kjøpa jarn til å smi hestesko og til å laga ulikt verktøy av, og då laut dei til byen. Byferda vart oftast lagt til hausten, for då tok dei med slaktedyr for sal.

Etter kvart vart det meir og meir slutt på naturallushaldet, og handelen vaks fram. For å verta landhandlar, måtte ein ha løyve av kongen, og då formannskapslova kom i 1837, krovst det også at søknaden vart godkjent av formannskapet i kommunen. Til denne tid hadde det berre vore handelsmann på Terøya her i kommunen. No kom det søknad frå folk i ulike bygder om å få handels-

rett. Torbjørn Kroka fekk rett til å driva handel på Kroka i Mauangerfjorden, mot at han ikkje handla med luksusvarer som sukker, kaffi, silketøy og silkeband, gull eller sølv – og heller ikkje med brennevin eller andre sterke drikkevarer. Det var farleg å venja folk til stas og til slikt som dei ikkje hadde råd til. Fleire søknader vart ikkje innvilga. Formannskapet meinte at for mange handelsmenn ville vera til skade for handelsmennene sjølve, for då ville fortienesta bli for liten. Og dei var redde for at forbodet mot brennevinshandel ikkje alltid vart halde. Ei mil sjøvegen til næraste handel var då ingen ting å snakka om!

I 1853 var det landhandel på Terøya, på Kroka, i Gjermundshamn og på Herøya. På denne tida vart frihandelslova vedteken. Etter formannskapet sitt syn, var lova ikkje berre ein fordel for kommunen. Frihandlarane hadde stor omsetnad på øl, «brød og fint bagværk» og brennevin, og lova opna opp for at skreppekarar frå Voss og andre stader lokka unyttige varer innpå folk. Likevel måtte formannskapet innsjå at det var trong for fleire landhandlarar i kommunen, for på godvêrsdagar etter ei uverstid eller ei onnetid var det så fullt i krambua at det mest var uråd å få gjort handelen unna.

Gruvedrift – eit eventyr som enda i armod

I skiferbeltet som går frå Bømlo over Stord, Tysnes, Ølve og Varaldsøy, finst det mange mineral som svovel- og koparkis, og verdfulle bergartar, som kalkstein og kleberstein. I Kvinnherad har det vore drive etter alle desse slagane, i større og mindre grad. Den eldste av dei skriftlege kjeldene er Vincent Lunge si jordbok frå 1535, der det vert fortalt om klebersteinbrota på Ølve. I 1723-martikkelen kan vi lesa om kalkbrenning på garden Ulvenes i Ølve, der dei hadde ein kalkomn «huor af nogen fortieneste».

Den store gruvedrifta var lokalisert på Dale og Atramadal nær Ask på Hatlestrand. (Atrament = svovel-sur kopar). Drifta kom i gang kring 1640 av eit partisi-pantselskap, som det vart kalla, der lagmenn, rådmenn og kjøpmenn i Bergen hadde partar. Lensherre Henrik Thott hadde «privilegium», som det heitte, og med det fylgde det visse rettar, som einerett til å ta ut ved over eit visst område og å påleggja bøndene pliktarbeid for lita eller inga betaling. Det vart bygd smeltehytte ved Husavågen, på staden som no vert kalla «Slagget». Drifta gjekk med overskot nokre år, men mangel på ved og på vilje til arbeidsplikt frå bøndene, gjorde sitt til at drifta låg nede lenge.

Innlastingsplass for kis, Atramadal.



Hytteskrivar Jacob Matias Tax formulerte seg slik ikring 1660: «...af Mangel på Slettved kan Gruben ikke lenger sterkere beliggis. Bønderne Uvilie er dertil Aarsag». Det var likevel først og fremst mangel på drivverdig malm som førde til at gruvedrifta vart nedlagt.

I 1750 vart gruvedrifta teken opp att. No var det bergråd Heinrich Frantzen Blichfeldt som fekk stabla på beina eit nytt partisipantselskap, der embetsmenn og kjøpmenn frå Bergen var med. Det vart sett i gang ei stortilt bygging, både i Attramadal, på Vetle-Dale og på Slagget, og arbeidarbustader vart reiste på Husa: Heile 40 hus medrekna 11 naust. Desse var særleg til nytte for folk som kom roande til arbeids. Anlegget fekk namnet Christiansgaves Bergverk, truleg fordi kongen hadde partar. Etter eit par år gjekk gruvedrifta med underskot denne gongen òg. Det var rett og slett ikkje drivverdige funn av kis, og sjølv om Blichfeldt arbeidde så hardt han kunne for å halda drifta gåande, enda gruveeventyret på Ølve for godt i 1783. Bergskrivaren var då i Bergen for ein siste gong prøva å skrapa saman pengar til vidare drift. Her fekk han brev frå kona si, som ikkje hadde mjøl nok til å metta det minste barnet sitt eingong. Bergskrivaren meinte at han var verre faren enn arbeidsfolket, for han kunne ikkje godt tigga sitt brød, «der kand andstaae Verckts Folck, og Gud hielpe dem som skall nødsages der til».

Og nokre gruvearbeidarane som hadde kome flytande til Ølve frå andre bygder, enda nok med tiggars-taven. Andre livnærde seg av fiske og lausarbeid på gardane ikring. Nokre av namna kjem til syne i folketeljinga 1801, der dei fleste er oppførte som legdslemer eller lever «af Aldmisse».

Kjelder: Kvinnheradsoga bind 1

«Kvinnherad» Arne Stuland m.fl. Ca 1915

Frå Johannes Lund si samling:

Gode råd mot sjukdom

- Fekk nokon skabb, hjelpte det å blåsa med smiebelgen
- Vart nokon biten av orm, skulle dei bryna, med sur mjølk på brynet på ein rusten ljà. Etterpå skulle brynet gnidast mot ormebitet
- Stål i vatnet når ungane vart vaska, verna dei mot sjukdom
- Herdslevatnet frå smia var godt lækjarråd mot utslett og andre sjukdommar
- Å blåsa sjuke folk i andletet med smidjeavlven (belgen) kunne gjera dei friske att

Rosendal i 1950-åra

HALVOR MEDHUS

Ei bygd med bønder og butikkar

Alle gardar hadde kyr. Travle bondekoner mjølka dei kveld og morgon, silte mjølka og tømde den opp i meierispann av blank aluminium. Når klokka nærma seg ni om morgonen, lempa bondemennene spanna t. d. opp i ei handkjerre med gummihjul og rusla ned til Rosendal Mjølkelag. Meieriet kalla vi dette murhuset i Skålafjæra (som i dag er kunstgalleri), sjølv om det berre var eit mottak der kulause rosendingar kunne kjøpa mjølk. Resten av mjølka vart sendt vidare til ysting og kinning på eit eller anna skikkeleg meieri.

Ved Meieriet spurde og fortalte bøndene siste nytt: Om nokon i bygda var alvorleg sjuk, kanskje var død sidan sist, om prisar, vind og ver og andre viktige saker. Så trilla dei vidare med handkjerrene, til innkjøp av daglegvarer. Det kunne ordnast på ikkje mindre enn tre kolonialbutikkar: Rosendal samyrkelag (Kopen), G. Guddal og Johs. L Ness, alle med ein krets av meir og mindre trufaste kundar. Der vart dei møtte av ein solid disk med kassaapparat, vekt med lodd i ei mengde storleikar, tommestokk og stativ for rullar med innpak-

ningspapir. Den heldt kjøparane trygt og godt på den eine sida av bua og diskenspringarane og varene på den andre. Slik var det i dei andre butikkane og, sjølv om utsyret på disken kunne skifta frå stad til stad.

Så vandra bøndene heim, og kolonialbutikkane fyltest av andre: husmødre, pensjonistar og ærendsgåande ungar. (Dei gjekk berre på skulen annankvar dag). I tillegg til mjøl og margarin, sukker og kaffi var der mykje anna. Der var sko og kle, ikkje i noko kjempeutval, men alt ein trong til å halda kroppen varm og føtene turre. Der var arbeidskle til mannfoka, travalderskle - eit lånord frå sjølvaste Frankrike. Og der var tøyrollar i godt stoff og gilde fargar for dei som ville sy heime.

Kopen og Ness selde bakverk frå eigne bakeri, fint og grovt brød av fleire slag. Og kaker, den likaste var bolsius, eit slags wienerbrød, oppkalla etter den svenske predikanten og mirakeldokteren Boltzius. Korleis namnet hans hadde forvilla seg inn i bakeria i Rosendal, er eit stort og uløyst mysterium. Hos Ness var det jamvel eit konditori med nokre bord og stolar i andre høgda, ved toppen av ei stupbratt trapp. Der samlast ungdomane på kveldstid, kjøpte ein kopp kaffi og eit kakestykke, sidan kanskje endå ein kaffikopp og eit kakestykke. Dei gamle og kloke på gata utanfor riste på hovudet og lurte på korleis det skulle gå med bygda, verda og framtida når dei unge hadde lagt seg til slike utsvevande vanar.

Guddal mangla bakeri, men hadde allslags reiskapar og jernvarar: ljåar og sigdar, spikarpakker og hamrar, hesteko i alle storleikar osv. Og der var alt av kunstgjødsel, kraftfor, såfrø, sprøytemiddel m.m. Guddal konkurrerte med den meir moderne Kopen, men Guddal hadde visst mest.

Dampskipsekspedisjonen var Guddal åleine om. Dampskipa, stimbåtane, rutebåtane - kjært barn har mange namn - gjekk som flytande vulkanar i alle fjordar, og svinga til lands i alle viker og på alle nes det var råd å koma til, og hadde med folk og varer. Båtane kom og

gjekk om dagen og ikkje minst om natta. Tunge sekker med landmannsvarer til bøndene vart heist i land med hylande vinsjar. Og alt det andre: kol og koks, fat med parafin og sirup, sekker med mjøl og sukker. Dessutan livredde kyr, hestar og andre krøter, somme kom opp frå det mørke djupet i båtane, andre gjekk ned.

Båtane var stort sett einerådande om tungtrafikken, men ikkje om ferdafolket. Ein og annan busen humpa seg fram på dei smale, gruslagde vegane til og frå ferjekaiane på Løfallstrand, Sunde og Utåker. Pasasjerar var snart grønne i andletet av bilsjuke. Rett som det var måtte dei be sjåføren stogga som snarast så dei kunne koma seg ut og spy.

Somme stader i Skålagata var det eit slags fortau, men ingen parkeringsplass. Kva skulle ein med slikt når ein berre kunne setja frå seg bilen i gata? I tillegg til kolonialbutikkane låg spesialforretningane på rekke og rad. Dei var ikkje på svært mange kvadratmeter, og vareutvalet var spinkelt, krigsåra og rasjoneringa var enno nær fortid, men hyllene fyltest frå år til år.

For den som ung var, var fargehandelen den mest interessante. Sjølv sagt brydde vi oss ikkje det slag om det som var inni butikken av rå og kokt linolje, terpentin, sinkkvitt, umbra, oker og alt det andre. Interesse galdt utelukkande plakatanne i vindauga, dei som varsla neste søndagsfilm i Turnhallen. Frå dei slitne seta i bygda si medtekne storstove fekk vi for to kroner sjå «Nattevaktens hustru», «Shetlands-gjengen», «Herfra til evigheten» og anna nervepirrande og tåredryppande som for ei stund løfta oss bort frå den grå kvardagen.

Vi stogga og gjerne framfor utstillingsvidauga til radiobutikken lenger nedi gata. Der stod radioar i blenkande mahogny saman med små batteridrivne reiseradioar i plast. Augene såg lenge på reiseradioane. Den som hadde hatt pengar til å kjøpa ein slik ein! Inni butikken pusla Samson Sundal, ein gammal norsk-amerikanar.

Han sat blant gamle radioar som var inne til reparasjon. Han kunne gje dei alle mål og mæle, når han berre fekk tid til å skaffa nye deler.

Oppetter og nedetter i Skålagata heldt dei til, alle dei andre: kjøttbutikken, fotobutikken, elektrobutikken, bokhandelen og to manufakturforretningar – ufatteleg kor mykje kle rosendelingane greidde å slita ut den gongen.

Menn vi la merke til

Sjølvsagt må vi ikkje gløyma urmakarforretninga og eigaren Johan Mehl. Han vølte det meste som kunne eller burde gå rundt, utan han ville Rosendal ha gått i stå. Stundom kunne han nok vera grov i målet, men når alt kom til alt, var han både snill og hjelpsam. Ofte stod han utanfor butikken og tok seg av ein sykkel eller eit-kvart anna med tekniske problem, medan han brumma på «Urmakeren i Tvedestrand» og den ulykka han skapte for den uskyldige Sørlands-byen. Innimellom sat han bak disken med urmakarkikkert framfor auget og såg inn i eitt eller anna gjenstridig urverk medan han rista ettertenksomt på den veldige hårmanken. Ein gong han sat slik, vart eit tannhjul borte. Nett då kom dottera innom, og han spurde kvar ho trudde tannhjulet hadde teke vegen. «Pappa, har du kjent etter i håret?» svara ho. Heilt rett, der var det.

Eit stykke unna hadde han ei bensinpumpe. Den vart driven med handemakt, og hadde to måleglas på kvar sine ti liter. Medan han pumpa opp det eine, tømde han det andre i biltanken. Det tok si tid å fylla på denne måten. Men pågangen var ikkje særleg stor, og skulle urmakaren vera oppteken, kunne ein få bensin nedpå Kopen og. Det var behovsprøvd å kjøpa bilar den tida, og styremakta ødsla ikkje med kjøpeløyve. I Rosendal var det såleis berre seks bileigarar: dokter, dyrlege, tannlege, prest og drosjesjåfør – dessutan bokhandlaren, som var så

heldig å eiga ein førkrigsmodell. Etter kvart dukka det opp ein ny, raud Taunus utanfor kommunehuset. To søstrer frå Omvikdalen med arbeid i kommunen eigde den gilde bilen. Den kom samstundes med at «Sangen om den røde rubin» øste opp nasjonen. Så Taunusen vart heitande den røde rubil.

Dokter Haugen og drosjesjåføren var dei som kørde mest på dei humpete grusvegane. Dokteren var berykta for å trø hardt på gasspedalen. Når han var på vegen, gjorde andre klokt i å koma seg unna. Pga. bensinpumpa var truleg urmakaren blant dei svært få han oppsøkte utanom sjukebesøka. Ei av dei mange sogene om dokteren knyter seg til han: Eit foreldrepar hadde eit sjukt barn og kontakta gong etter gong dokteren. Han tykte etter kvart at dei var meir masete enn det var skjellig grunn til. Til slutt ga han dei ein medisin av eitt eller anna slag, og la til: «Dersom dette heller ikke hjelper, får dere kontakte urmaker Mehl.» – Gamle folk har endå eit Haugen-sitat: «Jeg kommer!» Det var svaret han ga når folk ringde og han forstod det var alvor, det var det nesten alltid. Stundom legg dei gamle til: «Det er ikkje ofte dei seier det, det lege-dusinet som i dag har overteke Kvinnherad etter han og Gamle-Lund'n».

I bygda var det to lappeskomakarar. Ein av dei, Johannes Seim, heldt til i eit kjellarlokale i Vangsgata ned mot skipsverftet. Der sat han og tenkte på mangt og mykje medan han flikka på gamle sko. Han hadde godt humør, likte å snakka med folk, humra og lo, og var kritisk til det meste. Han var gammal brochmannianar, var ein av dei tre i bygda som hadde stemt på Dybwad Brochmanns Samfundsparti, ein forlaupar for Framstegspartiet. Ei av kampsakene var å avvikla skattebetalinga. Seim levde som han lærte. Likningskontoret lykkast visst aldri i å få ei einaste skattekrone av han. Men han var konsekvent. Då han vart 70 og fekk rett til alderstrygd, nekta han å ta mot. Når han ikkje hadde betalt til fellesskapet, skulle han heller ikkje vera til

byrde for fellesskapet. Så han sat på skomakarverkstaden til han var over 90, halvsålte, retta opp skeive helar og tente til livets opphald. (Ein ide for pensjonskommisjonen?) Til slutt greidde han ikkje å driva verkstaden lengjer, måtte bita i det sure eplet og ta mot alderstrygd. Dagen i månaden då den kunne hentast i posten, fann han fram staven sin og vandra høgtidleg av stad til Skålagata for å henta pengane.

Han var religiøs, «Men Bibelen hadde rett» var av skriftene som låg blant skomakarsakene. Men han var kyrkjekritisk, som brochmannianarar flest. Til det hadde han personlege grunnar. Han hadde gifta seg til ein av husmannsplassane under prestegarden - der rådhuset står i dag. I mellomkrigstida fekk husmennene kjøpa plassane sine. Men det gjekk ikkje for seg utan eld og røyk med dåverande sokneprest Ole Weibust, som passa på presteskapet sine inntekter. Han var av ein bedre familie i Bergen og takla ikkje heilt å stridast med ein landsens skomakar. Under ein samanstøyt mellom dei to, miste soknepresten fatninga og ropte: «Jeg vil ikke ha mer med Dem å gjøre!». «Ikke jeg med Dem heller!» svara skomakaren.

I kjellarhøgda til Rosendal Gjestgjeveri sat Grendamannen i svart alpehue, bøygd over skrivesakene og maskinene sine. Han var eigar og utgjevar av lokalbladet Grenda – Olav Aurvoll heitte han på skikkeleg. Han var frå Sunnmøre og hadde tidlegare sett i gang ei lokalavis der oppe. I 1951, då han var 45, ville han ha forandring, overlet den gamle avisa til andre, kom til Rosendal og tok fatt på nytt. Storparten av arbeidet gjorde han sjølv. Han jobba støtt, frå tidleg morgon til seine kvelden, søndag og måndag. Første åra kom bladet ut ein gong i veka og kosta kr. 4 i halvåret. 1955 auka utgjevingane til to gonger i veka og bladpengane til kr. 6 i halvåret, 1957 stig dei til kr. 8. Med hjelp av telefonen og folk som kom innom, hørde og spurde han seg fram til små og store hendingar i Kvinnherad, skreiv dei ned

og fekk dei inn i prenteverket. Det var ein omstendeleg prosess, med smelta bly og sverte som sette sine synlege merke på prentaren. Men Grendamannen kunne lite vaska seg fordi han, etter det han sjølv påstod, var allergisk mot vatn. Så han var alltid svartflekke i andletet, på nevene og på kledda.

Ut av det larmande prenteverket kom det ei artig avis. Nyhendestoffet var samla i små notisar under «Grendemellom». Hans eigne humoristiske kommentarar stod under overskrifta «Laust og meiningslaust», underteikna Olavius. Særleg oppteiken var han av ormar, og han hadde stendig ormesoger i bladet. Elles var mangt og mykje skrivne av andre: landbruksnytt, søndagsord, reisebrev osv. Som god sunnmøring ivra han for fråhalds-sak og målsak. I høve til religion hevda han, truleg på spøk, at han var mormonar. I så fall var han ein dårleg mormonar, la folk imot, ein skikkeleg mormonar skulle ha mange koner, men han hadde inga. Slike innvendigar lo han bort.

Grendamannen hadde tøffe gründerår, men på slutten av 50-talet gjekk han lysare tider i møte, fekk tomt og bygde hus på Malmanger, ved riksvegen - det nove-rande Rosendal Motel. Han fekk og meir legehjelp til å ta eit tak med skrivning og trykking.

Anten, også kalla Bår-Anders, var av dei som jamt stod på Guddalskaaien og såg på båtane som la til og frå, eller han kom langsamt skridande gjennom Skålagata. Det offisielle namnet hans var Anders Skåle. Han var kanskje rekna som «mindreevnig», eller son til ei «mindreevnig» mor - far vart aldri nemnt. Men Anten var alt anna enn dum, og god til å svara for seg. Pirka ein borti han, fekk ein svar på tiltale. I unge år hadde han og mora gått rundt i bygda og tigga. På sine ferder hadde dei kome til Baroniet og møtt sjølvaste gamlebaronen, Marcus Gerhard Hoff Rosenkrone. For å oppnå eitt eller anna, hadde dei slege ei skrøne i den høge herren. Han vart snart klar over at dei hadde lurt han og ved neste

korsveg ga han dei ei skrape. Men Anten var ikkje svar skuldig, han smilte lurt og underdaning og svara: «Ka ska vi fattigfolk då hjelpa oss med, om vi ikkje få lov å lyga?»

I tidlegare tider hadde Anten og mor hans halde til i noko som vart omtala som eit uthus. På 1950-talet var mora død og «forsorgen», den tids sosialetat, hadde ordna opp og skaffa han kost og losji hos ein familie. Dei hadde og fått skikkelege kle på han, i Skålagata var han lett kjennleg i ein lys poppelinsfrakk. Preikesøndagane var han ein trufast kyrkjegjengar. Då heldt han seg i trappa til høgre opp til galleriet. Men når det var altargang, kom han fram og deltok i måltidet der alle stiller på same linje som han. – Han hadde ingen nære slektningar, men på grava hans stod det jamt blomar, sett ned av folk som mintest denne fargeklatten i bygda.

Kvinner vi la merke til

Vi skal nøya oss med å nemna to. Begge var komne til bygda frå verda utanfor, var rundt 70 og vart omsnakka og tilsnakka som frøkner.

Frk. Sturlung var framleis ei høg og flott dame. Ho budde saman med si gamle mor, fru Hansen, som var frå Island og tilhørde den kjende Sturlung-ætta. Etter det som vart fortalt, hadde Thorunn Hansen vore gift med den norske kaptein Hansen som, for ei stund, kom til velstand i jobbetida under den første verdskrigen. Familien hadde budd herskapeleg i ein flott villa ved Bergen. Då krigen og dei «gode» tidene var til ende, gjekk det med kaptein Hansen som med dei fleste som kom seg opp desse åra, rikdomen tok slutt. Sameleis gjekk det og med ekteskapet. Ekskona, dottera og sonen kom så til Rosendal, når er uvisst. Sonen drog etter ei tid vidare, og enda i Portugal, i følge frk. Sturlung. Dei to andre vart verande i bygda.

Sigrid Sturlung hadde nok etla seg lenger opp og fram enn det ho kom. Ho hadde studert musikk i Berlin og hadde bytt Hansen-namnet ut med Sturlung. I det leig-

de husværet sitt hadde mor og dotter mangt som vitna om om forgangen stordom. Stova deira var full av gamle, vakre møblar. Ingen kunne unngå å leggja merke til skrivebordet av valnøttre med praktfulle innfellingar. I bokhyllene stod bøkene av alle store forfattarar i norsk og utanlandsk litteratur. Det som likevel gjorde mest inntrykk, var dei mange kunstbøkene med flotte fargetrykk.

Frk. Sturlung skaffa seg inntekter med å gje pianoundervisning, og ho var ei grei lærarinne som borna gleda seg å koma til. Ho spedde og på økonomien ved at ho no og då selde nokre av dei vakre møblane sine. Det vart vel og for å kvitta seg med overflødig jordisk gods. Ho hadde truleg meir midlar enn ho ga inntrykk av. Etter at mora var død 1961, bygde ho sitt eige vesle hus på Malmanger, Sturlung-huset, og fekk Grendamannen som næraste granne.

Kunstnarinna frk. Krag, Lul Krag, som ho signerte bileta sine, kom kvar vår frå Oslo og flytte inn i husværet ho hadde ståande hos urmakaren. (Ho disponerte hovudetasjen, han sjølv og familien heldt til på loftet). Når ho dukka opp i Skålagata i alpehue, blå kilt og kvite, knehøge gamasjer, då visste vi for visst at sommaren var nær. Ho gjekk alltid kledd på same vis, same kor kaldt eller varmt det var, visstnok av helsemessige grunnar. I ungdomen hadde ho gått i lære hos kjende kunstnarar i Kristiania og Paris. Ho var og inspirert av kinesisk kunst som ofte ga bileta hennar eit draumeaktig preg. I bygda interesserte ho seg for gamle hus og gamle tre, Baroniet med parken og dei mektige fjella omkring. Gjennom åra laga ho ei mengde kolteikningar av desse motiva. Somt ga ho bort, og heldt rimelege prisar på det ho selde for betaling. (Truleg hadde ho og ei formue i bakhand). Den tida pryda bileta hennar mange stover i Rosendal, og gjer det vel enno.

Ho var ei ihuga talskvinne for å bevare bygda slik ho «alltid» har vore, eit ikkje ukjent fenomen hos utanbygds beundrarar. Det fekk bygda erfara då det kom på tale å

riva bislaget til smeahuset i Skålagata. Bislaget stod langt uti riksvegen, så buss- og lastebilsjåførar måtte bruka det dei hadde av kløkt og dugleik for å smyga seg framom utan å gjera skade på hus og køyretøy. Det vart eit meir og meir høgroysta krav at det måtte bort. Men bislaget med så mange fiendar, hadde ein varm ven og forsvarar i frk. Krag. Ho hadde gode vener i makteliten i kommunen og gjorde alt ho kunne for å avverga den svært overhengande dødsdommen. Ho lykkast ikkje, og det var ein tung dag for henne då bislaget måtte vika for riksvegen. Nokre år seinare fekk smeahuset same lagnad, men det slapp ho å oppleva.

Våren 1956 dukka ho ikkje opp i bygda, slik ho brukte. Utpå sommaren fekk far brev frå henne. Det tok til såleis, sitert etter minnet: «Kjære sogneprest. Når De får dette brevet, er jeg død». Vidare bad ho han å helsa til kyrkjelyden og takka for gode stunder og minne frå Kvinnherad kyrkje. Det gjorde han første preikesøndagen etterpå.



Kaiområdet i Rosendal slik det såg ut i 1950-åra. F.v. slaktarbutikken til Helge Guddal, Guddalsbua med forretning og dampskipsekspedisjon, huset til Erling Guddal og huset til Tørris T. Skaaluren (vetle Tørris'n).

Fartybygging i Kvinnherad *1820–1950*

KNUT E. SKÅLA

Ein handverktradisjon som er borte

Eg vil her freista å gje eit lite innsyn i ein aktivitet som har hatt svært mykje å seia for Kvinnherad i farne tider. Det er og ein aktivitet som vi kan vera stolte av. Alle dei vakre skutene som vart bygde ved strendene våre er vitnemål om eit folk med sans for godt handverk og med tiltakslust. Det er uråd her å gje ei utførleg utgreiing, det vert eit lite bilete i grove drag.

Ei registrering i Kvinnherad i 1997 synte at det har vore bygd farty på over 100 forskjellige stader. Med farty meiner vi her dekkja båtar på over 30 fot. Det er naturleg å ta for seg bolken 1820–1950. I denne tida utvikla fartya seg frå små, klinkbygde jekter med segl, til motor-drivne, havgåande fiskebåtar på over 100 fot.

Kor mange trefarty som vart bygde i denne perioden, er vanskeleg å finna ut. Ut frå forskjellige kjelder og opplysningar vågar eg å tru at talet ligg over 1500 farty.



Eit vanleg syn langs Kvinnherstrendene i «gamle dagar». Dette er frå Jørafjæro i Rosendal kring 1917. Skroget er eit kryssarskrog.

Det vil i snitt vera 10–12 farty i året for heile Kvinnherad. Kring 1940 var Kvinnherad den største treskipsbyggjar-komunen i landet. Å byggja trefarty er eit komplisert arbeid som krev erfaring og kunnskap. Det er tidkrevjande og slitsamt. Gjennom generasjonar utvikla det seg ein tradisjon og eit miljø der mange sat inne med lang praktisk erfaring om fartybygging.

Denne handverktradisjonen er no på det næraste borte i Kvinnherad.

Tidsbolkane

Fartybygginga svinga med trongen for transport og fangstfarty. Vestlandet var veglaust, og transporten gjekk sjøvegen. Det gode sildefisket fyrst på 1800-talet løyste ut bygging av fiskefarty, føringsfarty og såkalla lossementfarty, der fiskarane kunne bu i fiskesalongen. Sildelaster til Austlandet og Østersjøen krov og farty. Seinare på 1800-talet vart det løyst på handelsmonopo-



Skålafjæro før 1890. Her bygde Skaalurenverftet kring 200 trefarty. «Gjøa» og «Loyal» vart bygde her av Knut J. Skaale. Lars K. Skaale hadde og bedding her.

let til byane. Då byrja mange med handelsferder med bondevarer, som ved, tømmer, tynneband, kjøt, smør, huder, frukt og poteter, og kom attende med fisk, salt, jern, osv. På 1860-talet slo vestlendingane seg på det store feitsildfisket frå Møre til Alta.

Seinare kom Nordlandsfarten til Lofoten etter skrei. Så tidleg som 1888 vart fyrste fartyet med dampmaskin bygd hos Skaaluren. Og sjølv om seglføring var det vanlegaste kring 1900, ser vi at motoren gjer sitt inntog, og utover mot 1920 er det motorkutter som er det mest populære fartyet. Selfangstfarty vart det bygd mange av på Kvinnhersverfta i 1910–1920. 1920- og 1930-åra var vanskelige tider for fartybyggjarane. Det var kamp om kontraktar og dårlege inntekter. Under krigen tek bygginga seg opp. Dei fyrste krigsåra etter fekk ein gode år med oppbygging av fiskeflåten. 1950–1955 minkar det av, og stålfartya overtek.



Jekta var eit ope, klinkbygd farty med råsegl. Dette er eit innrit i Krakskverna i Rosendal

Fartytypane

Jekta

Var eit klinkbygd, lite og ope farty med råsegl. Jekta var nok vanleg i Kvinherad fyrst på 1800-talet, men her rår det litt begrepsforvirring, for i Kvinnherad vart jaktene kalla jekt.

I perioden 1820–1860 er det bygd 81 jakter og 43 jekter. Det er grunn til å tru at alle jakter, altså dekkafarty med sneseqlrigg.

Jakta

Den fyrste jakta som er registrert bygd i Kvinnherad var i 1827. Jakta er eit dekkafarty med tverr hekk, og roret er hengsla på stilken. Ho har éi mast og klyverbom, og er rigga med opptil 4 forsegl, breiflokk, storsegl og toppsegl. Jaktene fram til 1860-talet var mellom 40 og 50 fot lange. Seinare utvikla kvinnheringane ein større jaktetype med lite akterspegl, skarpt skrog og gode segleigen-skapar. Desse var mellom 60–70 fot.



Jakta Matilde bygd i 1884 av Ola H. Nerhus. Ho seglar i dag som leirskule for Hardanger Fartyvernssenter. Dette er ei stor jakta på 73 fot.

Jaktegaleas

Galeasen likna jakta, men var oftast over 80 fot. Riggen var lik jakta, men med mesanmast. Store jakter vart ofte rigga om til galeas.

Slupp

Sluppen var også eit tverrlukka farty, men her halla hekken attover og roret gjekk gjennom hekken. Sluppen hadde ei eller to mastrar som var delt med pålemast pluss ein topp som kunne takast ned. Her er det og litt begrepsforvirring. I fartymiljø i Kvinnherad vart ofte ein kutter kalla slupp. Dette lokale namnet kan og gå på at kutteren var slupprigga. Sluppene var ofte 70–100 fot

Underbetegnede Gjert Eidsvik, Hovden
paaløper sig herved at bygge en motorbåt for
Hovden Skolei Ellvik. Gjert Eidsviks dimensjon
skal være 45 fot lengde lengde, størst makt.
Båten bygges af gode fjerne materialer, stavn
slik skal være af eik samt tømmermerer.
Båten skal ha frotte ligar fjernt med
balle og plads til fire mand: ligaren in
redes i følge samraad med redoren.
Ligaren skal være kabyt, ruf over maskin sam-
strukturen. Med båten følger tilsvarende tin
køler samt fundament dekk og stot i mass
trættet Sammensattarbeide under indretning
af motoren. Et stik med maling, fjør og a-
strebards. Alt gjennemgaende balt og spiker ska
være galvanisert samt beslag. Alt arbeide utføres
smukt og solidt. Spil skal med ledning i
ikke med. Farfæit skal være ferdig i huke
ferdig stand 1916, saaledes at arbeidet ^{utføres} ~~gjøres~~
snart som muligt og saaledes at arbeide af
nyere datum ikke utføres førend ovennævnte
farfæit er ferdigt.

For næste farfæit betales kr 2900.00 for turind og
hundrede kroner, som overlægges saaledes kr
1000 naar farfæit er opspantet, og resten
naar farfæit er ferdigt og overleveret.

Kjøper Skolei Ellvik

Gjert Eidsvik

Hovden

1915

Dag den 24 juni 1915

Kontrakt frå 1915, Gj. Eidsvik. Å byggja eit fartøy var ei tillitssak, eit A4-ark var nok. Her ser vi at ein 45 fots kutter kosta 2900 kr utan maskin, ratt og spil. «Alt arbeid utføres smukt og solid».

Kutter


Frå England vart det kjøpt inn kutrar i 1890- åra. Dei hadde skarpt skrog og tolde mykje sjø. Dei var kjende som gode seglarar. I Kvinnherad utvikla dei ein rundhekkta kutter. Dette vart den fartytypen det vart bygd mest av. Kutteren var slupprigga, og ofte nemnd som slupp. Kutteren eigna seg godt til motorframdrift, og denne skrogforma tok over etter jakta og sluppen.

Skøyte

Skøyta er eit mindre, spisstevna farty, rigga med éi mast og gaffelrigg. Fyrst var skøytene klinkerbygde, seinare kravellbygde. Skroget var fyldig, med krumme stevnar. Skøytene var frå 30 fot og oppover til 60. I Kvinnherad bygde dei losskøyter, redningsskøyter og motorskøyter.

Krysserskrog

På 30-talet vart siste generasjon trefarty utvikla. No skulle fiskefartya vera store, med tunge maskiner og plass til tyngre reiskap og last. Kutterskroget vart avløyst av krysserskroget med fyldig hekk og skrog og utoverliggjande baug. Denne fartytypen vart einerådande frå 1940.



Dei fleste verfia brukte havmodell og ikkje teikning. Gjert Eidsvik brukte begge delar. Her har han teikna ein brønnbåt med kryssarskrog.

Andre fartytpar

Meistrane i Kvinnherad tok utfordringar, og bygde mange slag farkostar til ymse bruk:

Ferje, skute, pram, steinpram, lekter, flakaskute, agentbåt, inspeksjonskøyte, renovasjonspram, brønnbåt, bergensdampar, melskut, slepebåt, rutebåt og lystbåtar.

Dei fleste verfta hadde slipp, og utførde større og mindre reparasjonsoppdrag. Forlenging var eit vanleg oppdrag. Fartyet vart då skore i to endane dregne frå kvarandre og skøytt saman med kjøl, spant og hud.

Byggemetodar og bygging

Klinkbygging er den eldgamle byggemetoden frå vikingtida, mellomalder og heilt fram til 1850-talet. Borda eller hudplanken vart lagde utanpå kvarandre og klinka eller nagla saman i sua. Spant eller band var felte inn etterpå og nagla til skroget. Jektene var bygd på denne måten. Denne metoden krov ikkje teikning eller modell, men erfaring og handlag. Metoden avgrensa storleiken på fartyet. Dei fyrste jaktene vi kjenner, var rundt 40 fot og klinkebygde. Kravellbygging går kort fortalt ut på at spanta vert sette på kjølen, hudplanken vert lagd kant i kant og spikra og nagla til spanta. Tettinga vert driven inn mellom plankane. Denne metoden krov større teoretiske kunnskapar og erfaring, og han vart einerådande etter 1860 ved verfta i Kvinnherad. Med denne metoden kunne ein bygga større farty. Fram til 1900 var bygging etter halvmodell det vanleg. Dei større verfta tok til å byggja etter teikning, medan dei mindre verfta brukte halvmodell.

Byggeprosessen

Her gjer vi berre ei kort og skjematisk framstilling av byggeprosessen for å syna at dette var komplisert og krevjande arbeid, med krav til styrke, sjøtryggleik og estetikk.

Linga den 22/1-1915.

Hvort Gjerdt Eidsvik!

Da jeg i dag afsender
baaden, vil jeg undrede dig her-
om. Men kan ikke levere den
til samme pris, da jeg måtte
tage ned den paa 1 1/2 fot og gjøre
den større. Laa jeg nu koster
52 kr; men synes du det er
for dyrt saa for du have den
til 50 kr; men du for se
~~saa~~ du er faldenøyd med den,
men jeg havde ikke havt lyst
til at selge den for det.

Arb.

Endre Linga

Endre Linga bygde båt for Gj. Eidsvik i 1915 for 52 kr. «Men synes du det er for dyrt, så får du have den til 50».

Etter at stevn og stillk (akterstevn) var sett på kjølen, vart spanta og kjølsvinet bolta til kjølen. Spanta vart laga etter riss i full storleik på spanteplanet. Desse rissa var tekne frå teikning, men oftast frå det såkalla «vetlaplanet». Rissa på vetlaplanet var tekne frå halvmodellen. Målestokken modell/farty varierte etter kor stort fartyet var. Ein mykje bruka målestokk var 1:24. Då vart 1/2 tomme på modellen 1 fot på fartyet. Det var viktig at

spanta var nøyaktige, elles vart det mykje etterarbeid før huda kunne byggjast på. Hudlegginga starta både ovanfrå og frå kjølen. Hudplanken måtte stimast i «kokebrya» før han kunne bøyast og «jagast» på plass. Å «stikka» hudplank var eit arbeid dei ikkje sette nybegynnarar til. Når siste planken var på plass, «fyllingsplanken», var det frå gammalt «fyllingsskål».

Så kom turen til dekket og bjelkar og dekksp plank, luker, ruff, dekkshus, skylight, rekke og skanseledning.

Fartyet skulle ha ei mengd med naglar og boltar, og driving med tjøredrev var eit stort arbeid, oftast på akkord, Det skulle fyllast bek i natar og støtar. Huda skulle dytlast og proppast. Innreiingsarbeid i lugar og styrehus var spesialarbeid, der få liner var i lodd og vater. Til sumt arbeid valde nok meistaren ut folk med «spisskompetase». Det var viktig at alt var fagmessig og vakkert utført, det gav verftet godt rykte.

«Snurparen», 95 fots kryssar bygd på Bergeøyro i 1942 av Johan Nerhus, Ølve. Denne skrogforma var den vanlegaste på 1940–50 talet.



Det fylgde spenning og fest med sjøsetjinga, eller utsetje, som dei sa i Kvinnherad. Skuleborna fekk gjerne fri, og gamlingane samla seg i strandkanten. Stemninga rundt fartyet kunne vera litt amper, det sto mykje på spel, men når fartyet glei fint uti og alt gjekk vel, var stemninga høg. Gamlekarane finsikta skuta og kommentarane kunne falla på begge leier. Toppen på finsikting har vi frå Thomas Rugebarm: «Hu konde no vore ein liten åttenedel høgare på hekken».

Det sto enda mykje arbeid at for skuta var i «hukkeferdig stand». Mastrar skulle opp, og dette var eit stort arbeid i segltida. Maskin skulle monterast og køyrast. Ofte vart styrehus bygd etter sjøsetjing. Og når eit velukka bygg forlet verftet, kjende nok både meister og arbeidar yrkesstolthet.

Materialar og underleverandørar

Tømmeret måtte vera av god kvalitet, og ofte trong ein grovt tømmer. Til spant trong ein krokved og røter som måtte leitast fram. Kjøl- og mastetre og eik til stevn og stilk vart ofte kjøpt på rot, og vart ståande til ein trong dei. Tømmeret vart flota til sagbruk, skore og flota attende til byggjeplassen om ikkje verftet hadde sag sjølv. Skaaluren-verftet bruka Baronsaga (Vangssaga) til 1916, då verftet fekk sag sjølv.

Seinare kom det oppgangssager (rammesager) på Opsanger, Snilstveitsøy og Hatlestrand. Desse sagene stod for det meste av skuren så lenge det vart bygd farty. Fartybyggjinga skapte såleis arbeid til mange utanom verftet. Skogeigarane fekk avsetnad på tømmer. Fartyeigarar fekk arbeid med floting og føring. Sagbruka hadde arbeid med skur, masteband, blokkverk, pumper, rundholtar, ratt, lettbåtar osv. I dei beste byggjeperiodane var det ikkje råd å få nok tømmer lokalt. Då vart det henta både frå Sogn og Rogaland

Meistrane

Meistaren, eller byggmeister som han offisielt vart kalla, var mannen som stod for, og var ansvarleg for den tekniske sida av å byggja eit farty. Den fyrste tida var det mange omreisande meistrar (i dag ville vi kalla det konsulentar). Seinare vart meistrane oftast verftseigarar. Meistaren måtte kunna handverket, både når det galdt konstruksjon og den praktiske utføringa. Med så mange byggjeplasser og farty vart det mange meistrar.

I tida 1820–1860 vart det offisielt bygd 153 farty i Kvinnherad av 85 forskjellige byggmeistrar. 53 av desse bygde berre eitt farty (Ørjan Bergstø Iversen) Dette syner at det var mange med tiltakslyst som sette i gang og bygde eit farty til eige bruk. Vi må og tru at mange tok seg arbeid på ein verv og lærte seg kunsten, for så å prøva sjølve. Dei som fekk ord på seg til å vera dyktige, reiste ofte omkring og rettleidde folk som skulle byggja seg eit farty. I manntala finn vi svært få med tittelen byggmeistrar eller skipstømmere. Dei fleste hadde det nok som attåyrke til jord og anna arbeid. Dei større verfta som kom i gang kring 1860 og utover, vart grunnlaget for den vidare utviklinga i Kvinnherad. Eg tenkjer her på Skaaluren-verftet og Gravdal-verftet, som var hjørnesteinbedriftene i trefartybyggjinga, Skaaluren med 200 farty og Gravdal med 330 i ein hundreårsbolck. Vi kan vel seia at desse verfta «klekte» ut meistrar og skipstømmere som førde til nye småverft kring i distriktet. I gode tider tok desse på seg oppdrag frå dei store verfta, eller dei bygde på eiga hand.

Mange meistrar dreiv i det små med naboar og søner som hjelpesmenn. Andre bygde opp verft og dreiv i større skala. Dei aller fleste meistrane var sjølv lærde utan teoretisk utdanning, men likevel kunne dei yrket frå grunnen og mange kunne både teikna og konstruera nye farty. Mange meistrar var flinke fartybyggjarar, men dårlege økonomar. Dei gjekk opp i faget sitt og sette store krav til solid og fagmessig utføring. Eit farty skulle og



Sjøsetjing av Ekspedisjonsbåt til Berlevåg 1946 Svoldal. Denne båten var ekstra solid for å tola hard bording av Hurtigruta. Han er teken vare på.

vera vakkert og «gjera godt i augo» som det eingong så treffande vart sagt. Svært få vart rike, mange streva for at neste bygg skulle bli betre og mange gjekk konkurs eller sat att med gjeld. Hadde dei ikkje kontrakt, bygde dei på «spekulasjon» og når startkapitalen var ende, var det kjøpars marknad. Ofte reiste fartykjøparar frå verft til verft og pruta ned prisen. Johan Pile bygde så billeg at sjølv kjøparar såg at det vart gale, så han sende 700,- kr til Pile då fyrste sesongen var over. Meistrane sleit med kontraktar, utlønning, materialkjøp, tidsfristar og økonomi. Mange sleit seg ut, og valde å slutta med å driva for seg sjølve. I staden vart dei arbeidarar på større verft. Men dei fleste heldt ut, og kvart år gleid nye skuter ut frå beddingane i Kvinnherad.

Skipstømmermannen

Fartybyggjinga kring i alle bygder førte til at svært mange vart knytte til denne næringa. Vervaplassen var ein spennande leikeplass for gutungar. Smeden hamra og banka så gneistane fauk. Hudplanken kom dampande or

kokebrya og vart skrudd og «jaga» på plass på skutesida. Drev, bek, naglar, dytlar, kne, bonkar, spant, livholt og skandekk var nemningar dei fleste viste kva var frå dei var ein neve store. Heime om kvelden sat både far og bestefar og snakka fartysnakk. 10–12 åringar fekk små oppdrag hos meistaren og vel konfirmerte byrja dei i «fjæro» og stod der livet ut. Med ei slik «utdanning» vert det snakk om spisskompetanse. Mange av desse karane kunne alt. Fekk dei spanteboka i neven, slo dei rissa opp på planet utan å stussa. Dei såg snart om det var noko som ikkje stemde, for dei kunne heile prosessen frå A til Å. Fartybyggjinga var krevjande og slitsamt. Svært mange hadde fartyarbeid som attåtyrke til gardsdrift. For småbrukarar og husmenn var det gjerne vervet som hindra dei i å reisa til Amerika. Bruket og plassen heldt liv i dei når tidene var tronge på fartymarkedet. Mange var vekependlarar, dei budde på vervaplassen og rodde eller gjekk heim i helgane.

Kvar tømmermann hadde eige verkty i ei kiste. Det var ein uskriven lov å ikkje røra annanmanns verkty. For verktyleiga fekk arbeidsmannen den øksasponen som han hogg. Arbeidsdagen var lang: kring 1850 frå 5 om morgonen til 7 om kvelden (Laurdag til 5) Pausane var 1 time middag, ½ time frukost og nons. Rundt 1900-talet arbeidde dei vel 56 timars veke og frå 1926 48 timar. Vekeløna var 10,50 om sommaren og 9,50 om vinteren kring 1880. I 1912 var vekeløna 12–15kroner. (Skaaluren)

Det hadde status å vera ein handfri tømmermann. Og etter ein lang arbeidsdag i «fjæro» vart ein flink med verktyet. Når ein ser på foto frå byggeplassane kring 1900 med halvferdige farty på ofte over 100 fot, vert ein imponert over kva dei makta utan elektrisk straum og teknisk utstyr. Alt vart gjort med handamakt. Det meste vart hogge til med bila og jamna med økshøvel og skarøks. Byggplassen var open for vind og ver, berre eit huna- eller bølgeblekktrak over. Kvilda var i sponadungen.

Arbeidsmoralen var oftast høg, det var ei skam å ikkje «svare for ein mann». Miljøet kunne nok vera tøft. «Primahoving» og plaging av nye folk var vanleg. Ein laut læra seg å tola og ta att når høve baud seg.

Ymse arbeid vart sett ut på akkord. Det kunne vera spanting, hudleggjing eller driving. Var ein rask og hadde rette karane med seg var det pengar å tena. Tilhøvet mellom meister og arbeidar var oftast godt og tillitsfullt, og på dei små verfta var dei vel nærast arbeidskameratar. Mange måtte ha fri i vinna, slått og skur, etter avtale. Men dei fleste tykte nok at livet og miljøet i fjæro var det gildaste. I Rosendal vart vervaplassen kalla fjæreskulen. Dei som var uteksaminert der greidde seg godt både munnleg og i praksis.

Det lakkar mot slutten med trefartybygginga. Her byggjer Jon Hesvik ein 40-fots kryssar. Slik såg det ut på dei fleste byggeplassar: Material, hunatak, bylgjeblekk i herleg blanding, men ut av dette steig det eit flott skrog fram.



Verft og byggjeplassar

Den fyrste tida er det tydeleg at fartybyggjinga føregjekk der det var lageleg skog og sagbruk. Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy var hovudområde. I sør var det Sunde, Husnes og Halsnøy som stod for byggjinga. Seinare, då fartya vart større, vart verfta lagt til stader med arbeidskraft, sagbruk og annan infrastruktur. I 1860-åra og utover i jakteperioden etablerte dei større verfta seg. Gravdalsverftet heldt fyrst til på Halsnøy, frå 1890 åra på Opsanger, Skaaluren-verftet i Skålafjæro og fartybyggjarane på Bergeøyo i Ølve. Kring 1900 gror det opp ei mengd med småverft i heile Kvinnherad. No er det motorkuttesom er i skotet. Desse blir bygde frå 40 til over 100 fot. Fram til 1920 er det bygd i mange fjærer. Dei mindre verfta greier seg gjennom nedgangstidene, og kring 1940 er bygginga på topp. Kvinnherad er landets største treskipsbyggjarkommune!

Lista nedanfor er ikkje påliteleg. Opplysningane kjem frå ulike kjelder. Noko frå registreringa i 1997, noko frå offisielle kjelder og mykje frå munnlege kjelder. Men det gjev no eit tydeleg signal om ein utruleg stor aktivitet i alle bygdelag i Kvinnherad. Verfta tok og på seg reparasjonsoppdrag som ikkje er med her. Vervaplassar og tal nybygg i Kvinnherad i perioden 1820–1950.

Bygdalag	Byggjeplassar	Bygde dekkja farty
Ølve	9	212
Hatlestrand	12	77
Varaldsøy	10	102
Mauranger Årvik	7	34
Lyngstrand	3	119
Løfallstrand	12	225
Snilstveitøy	5	84
Rosendal	7	2887
Omvikdalen	3	6
Uskedalen	2	22
Husnes	4	13

Sunde	6	310
Utåker Valen	8	15
Åkra, Matre	7	20
Halsnøy Fjelberg	35	304
Sum	130	1821

Frå Johannes Lund si samling:

Varsel:

- Ljos over hus varsla brann
- Når hunden åt gras, vart det regn
- Låg hunden på ei fjøl med hovudet vendt mot døra, var det eit varsel om død
- Når katten vaska seg, venta han fisk
- Arvesølv og stål var vern mot alt
- Hestesko tydde lukke
- Når ravnane slost i lufta, var det varsel om død.
- Ugla og hunden varsla død.

Fiske i Kvinnherad

JORUNN TOSKEDAL

*Men basen sit på si tofte, blid og reknar med strev og bal:
Tolvhundre skjegger og kroner tri – fanken så vrange tal!
Tolvhundre skjegger og kroner tri- nåja, det kunne gått verre.
Langt kan ein ro når enden er god
– du får no ha takk, Vårherre!
Ragnvald Våge*

Frå gammalt av har det vore drive fiske i kvinnhersbygdene, både som hovudnæring, men kanskje aller mest, som attåtning til arbeid på småbruk, fartybygging, handverk og anna arbeid. Dei vanlegaste reiskapane var garn, line, not og handsnøre. Vi veit sikkert at frå 1820–30 åra var det rikt fiske «ute med havet», og mange kvinnheringar reiste som «lottmenn» med notbruk frå Røvær, Karmøy, Fitjar og Sund, og kom heim att med god lott: Pengar i kassa. Dermed skaffa også folk herfrå seg nøter, helst til bruk under vårsildfisket.

Dei fyrste gardane i Kvinnherad som kosta og reidde ut notbruk, var Håvik og Husa i Ølve og Kaldestad og Røssland på Husnes, Fet i Omvikdalen, Myklebust, Haugland og Eik i Uskedalen og noko seinare, Helvik, Undarheim, Sunde og Røyrvik i Husnes sokn.



Fiskebruk i Kvinnbersfjordane.

Eit notbruk var ei heil lita verksemd: To nøter, tre båtar, dreggar og kaggar, og eit mannskap på 10–12 mann. Heile notbruket kunne medføra ei investering på kring 2500 kroner. Dette var mykje pengar på denne tida, og det var difor ikkje for kven som helst å starta med notbruk. Ofte var det var fleire som gjekk saman om i slik investering. Mannskapet hadde gjerne eit eige farty, jakt eller skøyte, som «lossement», der dei budde under fisket. Ofte slo fleire notlag seg saman om eitt lossement. Noteigar, mannskap, og lossement delte på utbytet av fisket, ved at noteigaren og lossementet fekk 1/2-delen av det fisket gav, medan resten av mannskapet delte den andre halvdel.

Kvar mann hadde si eiga kiste, med surmjølsdunk, smør, spekekjøtt, flatbrød og kavring. Grautmjølet hadde dei gjerne felles. Ofte kom mannskapet, eller lauskarane

som dei vart kalla, frå gardar, som «nista ut lauskarane på halv». Når fisket var over, vart utbyttet delt mellom lauskaren og dei som hadde halde han med kosten. Vart det ikkje utbyte, vart det heller ikkje betaling for den som hadde halde lauskaren med mat.

Fiske har alltid vore eit lotteri, og vinsten kunne variera frå år til år. Dersom kvar lodd var mellom 80–100 kroner, var lottkarane godt nøgde. Det gjekk lenge gjetord om ein gong då lotten var på heile 200 kroner, men då hadde det også vore litt av eit storfiske!

Fiskarane frå våre bygder reiste til å byrja med sjeldan lengre enn til Bømlafjorden. Skulle dei heilt til Vespestadvågen, måtte dei forbi Bømlahuk. Då måtte dei passa på ein dag det var godver og vindstilt, og få dei sterkaste karane i laget til å ro storebåtane forbi med nøtene oppi. Dette vart rekna som eit karsstykke som gav ekstra status, t.d. i bryllaup eller andre gilde seinare på året. Då fekk desse karane sitja på æresplassar ved bordet. Småbåtane vart dregne over eidet mellom Langevågen til Vestpestadvågen. Seinare kom det større og meir solide båtar, og dermed kunne kvinnheringar vera med på fisket kringe Espevær og Røvær og på utsida av Karmøy.

Fiske med garn var kanskje like vanleg som notfisket. Eit garnlag var på 3–5 mann som hadde 4 garn med kaggar og tau. I tillegg eigde eller leigde dei ein garnbåt og som oftast også eit losjifarty. Kvar mann si utrusting i garnlaget var verd 3–400 kroner. Då var ikkje båtane rekna med. Kring 1870 var fleire garnbåtar frå Kvinnherad med på «Kinnafisket» utanfor Florø i Sunnfjord eller dei var med i «Sørafisket» kring Karmøy. Då kunne dei koma heimatt med 3–400 kroner til manns. Garnlaga var helst frå Husnes, Uskedalen, Snilstveitøy og Løfallstrand.

Dersom det ikkje var råd å ta del i fisket som lotteigar, var folk gjerne med i fisket på salte- og fraktefartøy. Dei største av desse fartøya var på Nordlandsfisket medan

dei mindre var med i vårsildfisket. Dette var fiske «på spekulasjon», som dei sa, der dei kjøpte og selde fisk til vidare foredling. Ofte var dette bønder som hadde lånt seg pengar og fekk seg tak i ei jekt. Når dei hadde kjøpt sild, leigde dei seg ein salteplass dersom dei ikkje hadde slatebu sjølve, fekk seg tak i ganejenter som sløydde og salta silda og fekk ho i tønner. Silda vart seld til kjøpmenn i Bergen eller næraste by. På denne måten gav innrektene frå sildefisket liv til andre næringar. Båtbygginga skaut fart, det vart avsetnad på tønne materiale og bøkeryrket vaks fram.

Gullalderen for not- og garnfisket i Kvinnherad var i tida 1850–70. Då var sildeprisane høge, og folk drog mannjamt i fiske. Det var ikkje små summar frå havet som år om anna kom til bygdene våre i denne tida.

Brislingfisket

På slutten av 1870-åra gjekk vårsildfisket mot slutten, og dermed skaut brislingfisket fart. Utstyret til dette fisket var enkelt, og difor vart brislingbruka meir utbreidde enn vårsildbruka hadde vore. Eit brislingbruk hadde ei stengenot eller kastenot, og ei låsnot. Brislingen måtte stå i lås nokre dagar for å bli fri for åte. Det trongst berre ein notbåt og ein lettboat. Dei større bruka hadde nok fleire båtar, og dei brukte nøtene også på vintersildfisket.

Både karar og kvinnfolk var med på brislingfisket. Om sommaren gjekk dei og kikka: Var det brisling å sjå i fjorden? Og då brislingen kom, var det berre å springa, - frå halvfulle hesjar eller uferdig middagsmat. Dei kom seg i båtane som dei gjekk og stod, og det var ikkje vanskeleg å samla mannskap: Det var dei var på garden; husbondsfolket, halvvakne søner og døtre og tenestefolk. Til vanleg var det kvinnfolka som rodde - 6 kvinner på kvar år, medan karane skulle kasta nota og leita etter sild med vasskikkerten. Og matstellet gjekk føre seg på strand; kokebrisling og flatbrød smaka godt.



Opptak av brisling i Indre Matre.

Brislingfisket tok til kring 10. august, og varde gjerne i 6–8 veker. Kvinnfolka kom seg heimatt etter dei fyrste par-tre dagane, for nokon måtte ta seg av gardarbeidet heime: Slå, skjera kornet eller ta til med potetene. I den første tida gjekk det meste av brislingen beinvegs til mat for folk kringom på bygdene. Folk kom gjerne lange vegar for å kjøpa seg eit par tønner husbrisling, som dei sa. Etter kvart vart noko av brislingen grovsalta som fartøyeigaren reiste rundt og selde. I 1860-åra tok dei til å krydra brislingen. Etter at vårsildfisket var slutt ca 1870, var det mange som gav seg til å kjøpa opp brisling som dei salta og krydra. Handelsmennene Haktor Thorsen på Sunde, Jens Arnesen i Uskedalen og Meidell i Dimmelsvik hadde fraktefartøy sjølve, og dei dreiv denne verksemda i større målestokk.

I «Kvinnherssoga» bind 1 fortel Erling Vaage om Knut Vaage, som sommaren 1883 ville prøva seg på ansjoskrydring. Han kjøpte salt, og krydder- 36 kg pepar, 78 kg allehande, 10 kg nellik, 18 kg ingefær, 8 kg humle, 20 kg laurbærblad og 5 kg salpeter. Dette var heil krydder som han samla i eit segl og gjekk til mølla for å få oppmale. Brislingfisket var godt dette året, og Knut var stadig på farten for å kjøpa inn råstoff. Då han vel hadde fått brislingen i båten, måtte fisken vaskast og linnsaltast. Heime i naustet dreiv dei på med å krydra og å leggja brislingen ned i halvtønner. Det var god hjelp å få av kvinnfolka i dette arbeidet.

Ein ting var å få tønnene fylte, ein annan ting å få dei selde. De første gongen Knut prøvde seg med å leggja ned ansjos, var han ikkje innarbeidd på marknaden. Han måtte gjera mange byferder for å by fram ansjosen sin hos kjøpmenn og eksportørar. Den sikraste avtakaren gjennom åra vart N. B. Sørensen i Stavanger.

Ansjosnedlegginga som småindustri døydde ut i Sunnhordland etter kvart som hermetikkindustrien skaut fart kring 1900-talet.

Dei første hermetikkfabrikkane

Haktor Thorsen på dreiv handel på Sunde. I tillegg hadde han fiskebruk og sende jekter til feitsildfisket i Nordland. Så tok han til med sildesalting, først som ansjos i tredunkar og seinare i handlaga blekkboksar. Kring 1865 fekk han tak i ei falsemaskin frå Sverige, den første maskina av dette slaget her i landet. Dermed låg alt til rette for hermetikkindustri på Sunde. I 1866 la han ned røykt brisling i blekkøskjer, men det vart ikkje det heilt store salet, korkje på «Røget Brisling i Kraft» eller «Røget Brisling i Olje». I 1870 reiste Thorsen til Frankrike for å setja seg inn i korleis dei der dreiv sardinproduksjon. Den neste etiketten bar namnet «Norske Sardinier i Olje». Dette produktet slo gjennom, og det vart eksport, særleg til USA.

I fabrikk på Sunde vart det også laga røykt kaviar av torskerogn, truleg som den første i landet. Han prøvde seg fram med ulike typar emballasje, og fekk selt ein god del «Norsk Torskekaviar» i blekkøskjer. Noko av denne vara vart også eksportert til Sverige.

Fabrikk hadde ca. 15–25 tilsette, alt etter årstidene, om lag halvparten kvinner og halvparten menn. I tillegg hadde han tilsett folk på fiskebruka og på frakteskøytene. Ei tid hadde han også eit lite sagbruk til å skjera kassemateriale, og handelen og ekspedisjonen vaks etter kvart.

I 1875 kjøpte Hermann Valvatne landhandelen til Haktor Thorsen. Valvatne vart enkjemann, og gifte seg oppatt med Thorsen si dotter, Alida. Han skaffa seg kunnskap om hermetikkfabrikasjonen, og bygde ein fabrikk nord for handelsbua. Denne var grunnlaget for den fabrikk som Chr. Bjelland seinare overtok og utvida.

I Uskedalen sette handelsmann Ivar Arnesen i gang ein hermetikkfabrikk kring 1895. Der la dei ned sild – og brislingsardiner.

Kjelder: Kvinnheradssoga bind 1

Fjorden kviler så blank og blå
og kjæler om berg og vik
Tjuvjo og måke flyg til og frå
og tjelden i fjøra skrik
Terna flaksar på lette veng
kvitar ' enn alle hine
Ærfugl og and
ror langs land
og småpratar kvar med sine.

Inne bak odden ligg båtar to
med kaggar og not ombord,
d'er notlaget frå Øvresjo
med basen, han Brekke-Tor.
Langt har dei fare, men ingen ting fått
fem veker har turen vara.
Visst er det smått
men tolmod er godt
for den som skal fiske fara.

Inne i stranda er lått og prat
med saftig og skiftande tekst
Røykjen frå kjelen stig sur og lat
og kringom ligg gutar og dregst.
Ved mastra sit gamlingen tung og sur
og tenkjer på skatt og renter,
men lenger bak sit andre i mak
og spelar femkort om jenter.

Men så kom silda:

Fengda er berga, trengda sett
med kaggar og tau og dregg
Storebåten ligg tom og lett
og voggar ved låsevegg.
Gamlingen smiler åt lensmann og bank
no treng han'kje meir stå til skammar.
Og gutane lær: Tjo!
No har me til sko
og nøgda til tobakk og drammar.

Men basen sit på si tofte, blid
og reknar med strev og bal:
Tolvhundre skjepper og kroner tri
– fanken så vrange tal!
Tolvhundre skjepper og kroner tri
nåja, det kunne gått verre.
Langt kan ein ro når enden er god
du får no ha takk, Vårherre!

Ragnvald Våge

Skottehandelen

JORUNN TOSKEDAL

Så visst som gauken gol om våren, kom skottane til bygdene våre for å handla tømmer på 1600-talet. Dei hadde kort veg over Nordsjøen, og tømmer og trelast var etterspurd handelsvare i Europa, der handel og sjøfart var aukande, først og fremst i Nederland og Storbritania. Dei store oppdagingane hadde ført til kolonisering, billege råvarer kom til «moderlanda» og industriutbygginga tok til. Dermed var det trong for tømmer og skoren last til bustader, kaiar, fabrikkbygningar og ymse anna i desse landa og i Europa elles.

Innlastingsstadane i Kvinnherad var i Ølve, på Hatlestrand, i Mauranger og Ænes, i Kalvsundet på Snilstveitøya, i Bogsnes- og Undarheimsvågen og på Sunde, og også andre stader. Det var skoren last skottane var ute etter, og i åra 1610–1627 vart det ført ut frå Kvinnherad 23.000 bjelkar, nær 29.000 bord, 276.000 bandstkar og kring 500 famnar ved. Dette er tal som vart loggførde på tollstasjonane, og sidan det er truleg at mykje av handelen gjekk utanom tollen, er det rimeleg å tru at dei verkelege tala er monaleg større. Om prisane er det få opplysningar, men sidan handelen pågjekk over så lang tid, må han ha vore rekningsssvarande for begge partar.

Nesten halvparten av båtane fekk trelast frå Husavågen i Ølve. Dette var ein lasteplass som Axel Mowatt rådde over, og hit kom også dei største båtane.

Skottane kom ikkje tomhendte til Kvinnherad, dei hadde varer med som dei ville selja – eller byta i trelast:

*«Thennd 28 May Andkom Schipper Anders Dyswall
hiemme till St. Monens i Schottlandt, med hans Scib i
Kløffuerhaffn, ungefehr 20 Lester dregtigh, Indførde, som
hand kjøpte sin Last for,*

Malt 12 tønner

Korn 8 tønner

Udførde

20 tylvter Bord

20 tylvter 9 Alne Bierke

3600 Bandstager

4 fuffne Brendeuedt»

Etter kvart kom det meir og meir av dei «nye» varene med skottejektene: tobakk, brennevin, sukker og ymse krydder. Disse varene gjekk inn i kosthaldet, først som luksusvarer, men etter kvart som «nødtørfteige» varer. Dermed auka levestandarden – og pengebruken. Med åra vart vareutvalet større. Ymse slag klede vart innført, lerret, lin og garn, steintøy, glas og jernvarer. Og den første hjulrokken skal ha kome frå Skottland.

Handelen og omgangen med skottane tilførde den heimlege kulturen nye innslag. Dette var i ei tid då folk flest ikkje kunne lesa, og dei fekk såleis få impulsar utanfrå. Kontakten med dei skotske handelsmennene fekk difor mykje å seia, også i form av kjærleik og giftarmål, og nye landsmenn som slo seg ned i bygdene våre. Som døme på dette kan nemnast at tre jenter frå Hatlestrand fann seg ektemenn frå den andre sida av Nordsjøen, og at skattemanntalet frå 1563 har Anders Scot og Jacob Scot mellom «løse Karle och Thieneste drenge».

Det er også ein del stadnamn frå skottetida, slike som Skottahamn på Bjelland, Skottaberget på Ænes og Skottavikjo på Hatlestrand. Desse namna kan også koma av skot; bratt stup der folk har skuva tømmer utfor. Men på Sunde finst Skottabryggja med Skottabøen ovanfor, på Bogsnes ligg Skottahola, og i Skottabekken på Undarheim henta handelsmennene vatn. Desse siste namna skal utan tvil ha sine opphav frå skottetida.

Det fanst også segner om skottegraver på Sunde og Undarheim, der skottar som døydde av pest skal ha vortne gravlagde. Og på Netland fann skottar som døydde i ei arbeidsulukke si grav.

Som følge av trelasthandelen med skottar og med andre, minka skogen i Kvinnherad på 1600-talet. Matrikkelen av 1733 syner at berre 4–5 gardsbruk hadde skog å selgja, medan talet i 1661 var 50 bruk. Mange rapporterte at dei bere hadde skog til «husenes reparasjon og fornøden brende».

Kjelder: Kvinnheradssoga bind 1

Jordbruk i endring

ASLAUG OG OLAV EIK

Det store hamskiftet

Tida frå 1860-åra og framover er ofte kalla «det store hamskiftet» på bygdene. Før den tid var det godt om billig arbeidskraft. Ofte blei gardane delt opp mellom brør. Mange fekk rydda seg ein husmannsplass i utmarka mot å gjera pliktarbeid hjå eigarbonden. Frå 1860-åra vart det lettare for ungdommen å få seg eit levebrød, svært mange reiste til Amerika.

Erling Vaage skriv at så mange som 1927 for over i åra framover, dei fleste i slutten av 1800-talet. Først var det nok bønder som kunne skaffe seg pengar til billett, seinare tenestefolk og husmenn, gjerne med store barneflokkar. Fleire stadar bygde dei båtar, og dei trong arbeidsfolk. Tønnefabrikk, ullvarefabrikk og hermetikkfabrikk skaffa arbeid til mange hender. Unge jenter for og til byane for å få seg arbeid. Bøndene måtte tenkja nytt. Utskiftinga gjorde det lettare å nytta jorda.

Stølane lengst borte med dei tyngste vegane vart tidleg nedlagde. Seinare, i 1890-åra, kom meieria og dei hadde trong for fersk mjølk også om sommaren. Nye og

meir intensive driftsmåtar, m.a. kulturbeite, gjorde og sitt til at stølsdrifta litt etter litt tok slutt. Når vi tenkjer tilbake ser vi for oss stølsjentene med treholkar på ryggen og opphekta vadsmålstakkar. Ei eldre budeie fortalde at først i 1920 åra fekk ein dei første blekkholkane, som var mykje lettare. Dei var ofte kalla fanteholkar, då desse folka var ofte skikkeleg hendige med slikt arbeid. Blekksilane kom nok tidlegare, truleg først på hundretallet. Likevel, der det var lett å koma til heldt stølsdrifta på lenge. Kåre Skåla fortel at dei støla på Midtseter heilt fram til 1960. Her kunne dei hente mjølka med hest og kjerre. Dei siste åra vart det endå til brukt bil.

I åra kring 1900 fekk dei betre reiskap med hestekraft. Det var ikkje så lett lenger å få fleire mann til å gå etter kvarandre i skåragong og slå med langorv, men slåmaskin bak hesten gjorde fleire manns arbeid. Sigvald Eik fortel at dei har ei Adrianese slåmaskin ståande under stabburet, truleg frå rundt 1900-årsskiftet. Maskina vart kjøpt frå Langballe på Skorpo, der dei nok var tidleg ute med slik reiskap. På Myklebust i Omvikdalen er det skrive om ein slikt reiskap i 1905.

Rundt 1914 kom hesterive og høyvendar. Eg hugsar kva stas det var når vi i min barndom fekk hesterive rundt 1936. Det letta på mykje på det tunge arbeidet å få høyet til hesjane. Raking var ofte barnarbeid.

Trass i slåmaskin var nok han far sjølv tidleg oppe for å nytte dogga. Kantane vart alltid reint slegne og det skulle slåast så det var lett å koma til med maskin. Det skulle slåast og rakast fint, og borna fekk høyra at ein kunne snart sløsa bort litt saudefør om ein ikkje gjorde skikkeleg arbeid. Mesteparten av høyet vart nok hesja. Det var lange og tette hesjar på dei beste engstykkka. Håa vart delvis sett i stakk eller stabbe. Vi hugsar desse håstabbane. Dei var nøye på at dei skulle vera jamne og glatte. Til sist var dei ofte dekkja med gjødselsekkar og stor stein til press. Bøndene brukte meir kunstgjødsel, så avlingane auka. Dei dreiv og nydyrking, og med betre



Støsliv. Vask av koller ved Bjørndalsstølen. Småjenta Kirsten Skeiel.

hestereiskap som plogar, horver og andre reiskap letta det arbeidet. Men enno trongst det mykje handamakt. «Han må tidleg krøkjast som god krok skal verta», og borna måtte tidleg hjelpa til.

Arbeidet, heilt fram til etter krigen, var delt opp i kvinne- og mannsarbeid. Husarbeid var nok berre for kvinnene, sameleis fjøsstellet. Berre hesten, og kanskje sauene tok mennene seg av. Det var sagt at det var komme ei dårleg kjerring til gards om mannen måtte mjølka. Handmjølking kunne vere tungt arbeid. Ikkje alle kyrne var like lette å mjølka, og mang ei gardakona og tenestejenta verke nok i armane. Mjølkestell og spannevask kravde sitt, og varmevatnet måtte varmast på



Før mjølkemaskina kom på garden.

vedkomfyren. På mange gardar bar ein vatnet inn til etter krigen. Først kom det nok innlagt vatn i floren. Det var ikkje lite vatn som skulle til når ku, sau, geit og hest skulle ha sitt. Mannfolka, ofte gutungane, hjelpte til med å bere vatn.

Mesteparten av maten stelte dei til heime. Tenk på arbeidet om hausten i slaktetida: Mykje, særleg av småslaktet, vart slakta heima og sendt i kassar til Bergen. Innmaten skulle ein såleis stelle heime, og ved sida av gris og storfe som dei slakta til husbruk, vart det mykje arbeid. Ein hadde ikkje fryseboksar, så det skulle saltast, røykjast og hermetiserast. Alt var teke vare på, og det vart mykje arbeid. På stabbura hang det nok mykje god mat, men vinteren var lang. Ein gjekk ikkje på butikken og kjøpte kjøtmat.

Når det gjaldt klesvasken, så bytte dei ikkje klede så ofte som i dag. Det fekk nøye seg med ein gong i veka. Likevel, det var nok ein heil dags arbeid når klesvasken skulle takast. Fyrst måtte ein få vatn og ved i kjellaren, før ein fyrde under vaskegryta. Om det ikkje var for kaldt og surt, skylde ein gjerne klede i elva. Var det solskin og godver lukta det ekstra godt når klede kom i hus.

Før haustarbeidet kom retteleg i gang, var det vanleg med eit par dagar med lauving. Dei laga lauvkjerr som vart tørka og lagra på låven. Dette var godt tilleggsfor for sau og geit vinterstid. Rogn med mykje bær var særleg godt. Ja, rogn, selje, bjørk og ask vart nytta til lauving. Dette arbeidet måtte gjerast i godver. Kanskje er det difor desse lauvingsdagane ligg så lyst i minnet. Heile familien var med. Mennene hogg ned greiner, og kvinner og born delte opp, sanko og batt saman. Arbeidet gjekk med liv og lyst. Ofte var det nok kaldgraut og surmjølk som var nistematen, men både kvilestunda og maten smaka.

Om hausten baka dei og. Dei leigde ofte med seg flinke bakstekoner, og både lefser og flatbrød hang i store lag på stabburet.

Mannfolka hadde sanneleg sitt arbeidsområde og. Hesten var ein trufast medhjelpar. Tømmer og ved skulle heim vinterstid, og på dårleg føre var det nok ofte et slit. Om mjølkeholkane var tunge var det nok ofte ei kjærkommen avveksling å køyre mjølka på meieriet. Dei slo seg saman i køyrelag, så det gjekk etter tur. Her treftest køyrekarane og fekk seg ein prat. Mykje bygdepolitikk og problemløysingar vart nok drøfta her.

Arbeidet på gardane vart ofte delt opp i onnearbeid. Om våren skulle ein pløye, horva og så. Køyrekaren hadde mange vender bakom hesten før åkeren vart såande. Borna måtte og vere med, særleg å plukke stein. Som ein gutunge sa, «eg ser stein i søvne, så lei er eg av all den steinplukkinga». Dei hadde både havre og bygg til matmjøl, og noko blei også nytta til for. Potetåkrane

var ofte store. Poteta var alltid med i hushaldet, til middag og til potetkake. Småpotetene vart koka til dyrefor, særleg til grisene. Eg hugsar vi rekna med at potetene skulle vere i jorda til 17. mai. Det vart og dyrka grønsaker, gulrot og kålrot, elles neper og formarkkål til dyrefor. Under krige 1914 til 1918, skriv Erling Vaage: «Var det gjeve stønad til nydyrking og bøndene fekk pålegg om å pløye ny åker». Tilskotsordninga til nydyrking heldt fram, så det kom ein god del ny jord under ploegen i åra framover.

Slåttonna tok tid. Tidlegare slo dei med ljå overalt ein kunne koma til, men litt etter gjekk desse slåttestykka til kulturbeite. Sjølv om ein hadde slåmaskin og kanskje hesterive, var slåing og hesjing tidkrevjande arbeid. Veret spela og inn, og kom det vind og væte var det tungt. Sol, varme og tørrhøykøyting på låven er nok likevel fine barneminne. Borna tok imot høyt og stappa bort, og då galdt det å arbeide godt og snart, så det vart tid å hoppe i høyet. Når vi tenkjer tilbake kjenner vi enno kriblinga i magen når vi susa ned frå betane under taket.

Om hausten skulle avlingane i hus. Potetopptaket trong godver. Bøndene slo seg gjerne ilag og kjøpte potetopptakar. Dei leigde gjerne nokre plukkarar, men elles følgde folka på gardane med opptakaren, og dei måtte henga i om ein skulle greia teigen sin. Husmora hadde det nok stritt inn, ho òg, og plukkarane gledde seg til god mat og kvile. Oftast var det kjøttkaker og grønerter. Plommegrauten var liksom fast dessert, for plommene var modne på denne tida.

Kornskurden var eit tungt og spanande arbeid. Tidlegare var kornet sett på staur. Det var kvinnene som lagde band, skar så meir korn og la på bandet. Dei yngre batt, og mannfolka skulle ha det på staur. Dei var nok med og skar også. Som små skulle vi plukka kornstråa som låg att. Folk hadde respekt for kornet. Det var brødet på bordet. Eg hugsar vi fekk 2 øre for ei full hand med strå. Det var eit staseleg syn med alle kornstauene.



Hesjer på Ripel i Omvikdalen.

«Svenskenipa» og «svenskenuten» og andre slike namn rundt omkring er namn frå myter og segner som fortel at når svenskane såg ned i dalane frå høgdene omkring, trudde dei kornstaurane var oppstilte soldatar, og rømde sin veg.

På fleire gardar kjøpte dei treskeverk saman, men treskedagane såg vi ikkje på med same glede som potet-opptakinga. Treskinga var trasig, med så mykje støv, og agner som stakk i sokkane. Når korn, poteter og grønnsaker, alt – var i hus, pusta dei letta ut. Sauene var komne heim frå fjellet, og kyrne var på bås. Dei som hadde geiter tok dei nok ut på dagtid langt fram over hausten.

Det var eit mangfald av kurasar til langt fram i 1920-åra. Kyrne var svarte, raude og flekkete, og fekk ofte namn etter utsjånaden. Dei var utruleg lette på føtene og egna seg nok godt til fjells og på utmarksbeite. Her i Kvinnherad var det vanleg å gå på stølen, dei kalla det slik om dei berre gjekk oppom bøgarden. Likevel, Kvinnherad gjekk tidleg over til raudkollene, og dei var vanlege langt fram.

Som elles i landet hadde vi nok dei harde 20- og 30-åra her som andre stader. Folk hadde lite til overs, og det var lite framgong å spora Mange sleit nok hardt med å klara seg. Fyrst rundt 1935 lysna det, og folk fekk meir tru på framtida. Det var nok investert ein del både i bygningar og maskiner

Krigsåra

Så kom krigen brått og uventa, dei vernepliktige mannskapa vart kalla inn, og mang ein bonde var borte i våronna. Alt våren 1940 vart det sett fram ynskje om at dei måtte gå over til meir åkerbruk. Det kunne verte knapt om mat. Berre ein brøkdell av matkornet vart dyrka i landet. Året etter vart det tvangsdyrking av korn og poteter, og dei lokale jordstyra sette fram krava til dei enkelte gardane. Det vart nok dyrka meir, men likevel ikkje meir enn 70% av det som var planlagt. Tyskarane hadde fare med mange av hestane, det vart tungt for mange å misse arbeidskameraten. Mindre kraftfôr gav mindre kjøt og mjølk, og mangel på kunstgjødsel gav mindre avlingar. Trass i omlegginga til meir åkerbruk, gav det berre 11% auke i krigsåra. Det å lura tyskarane, klaga på dårleg ver og dårleg avling var ikkje sett på som noko gale. Møllaren såg nok gjennom fingrane om det kom heim meir mjøl enn det ein skulle ha, og mangt eit avsidesliggjande kvernhus vart rusta opp og dura og mol i kveldstimane. Mjølet; kveite, bygg og havre, var nok gode tilskot både for bonden sjølv og for andre.

Det var lokale folk som hadde husdyrteljingane, og dei ymta nok om kva tid dei kom så dei kunne stikke bort litt som dei ville ha til husdyr. Det var mange historier om grisar som grynta heilt andre stader enn dei skulle vera. I matvegen kom nok bøndene betre ut enn andre. Likevel, folk hadde ikkje som i dag fullt opp av klede og bruksting. Ein hadde besteklede og kvardagsklede. Born måtte byta så snart dei kom frå skulen.

«Nauda lærer naken kjerring å spinna». Både spinning, veving og saum låg i hendene på dei fleste, og mange vart utruleg flinke til å sy og reparere. Konfirmantkjolen min vart sydd om tre gonger, alle gongene til finkjole. Far min garva sjølv læret til støvlar og sko.

I krigsåra skulle dei óg levere ved . Eit minne frå skuletida: Det vart snakk om at skulen måtte stengja då dei ikkje hadde brensel. Mange ungdommar frå Kvinnherad gjekk på same skulen. Nokre bønder hadde fjellbjørk ståande høgt oppe i lia, men ikkje folk til å få den fram til køyreveg. Då fekk lærarstaben ein god idé. Dei ca. 300 elevane vart sette etter kvarandre oppover, og bjørkeskiene vart lempa frå den eine til den andre. Det var bitande kaldt, og treskostøvlane kom godt med. Eg tykkjer å minnast at vi fekk varm havresuppa opp frå skulen. Om hausten vart elevane sendte til skogs og fjells på bærplukking. Tenk om vi hadde nytta ressursane slik i dag!

Etterkrigstida

Endeleg var krigen over. Det var store framtidsvoner hjå folk flest. Landet skulle byggjast opp att. Likevel gjekk det nokre år før ein kom skikkeleg i gang, og folk våga å investere i maskinar og bygningar. Staten gav tilskot til dyrking, grøfting, løe- og silobygging. I slutten av 1940-åra var det nokre få som våga seg til å kjøpe traktor. Erling Vaage skriv «Hoelfeldt Lund på Husnes kjøpte ein stor rusk av ein traktor».

Høylandstraktoren, som Knut Høyland kjøpte og dreiv leigekjøring med, var til stor hjelp for mange. I vår bygd investerte Ølver Sandvik og Martin Hjelmeland i to traktorar med maskiner til i 1954. Den eine traktoren hadde stor ny rydningsplog og den andre hadde boreutstyr. Vi overtok garden i 1955, og desse folka og traktorene var med å dyrka og rydda for oss. Vi hadde mange leigekarar til hjelp for å få steinen bort. Kaare Skaala for-

tel at i 1964 vart det skipa maskinlag i Rosendal. Lars Mehl var med på å stifta laget. Mange hadde eigen traktor, og ymse maskiner. No leigde bøndene i laget av kvarandre.

Det vart sett pris på leige av maskiner og traktorar etter storleik og verdi, og bøndene bokførte sjølv leigetimane.

I Uskedalen kjøpte Knut Døssland, Andreas Haugland og Torgeir Musland traktor saman. Dei fleste fann likevel ut at dei helst ville ha sin eigen. På vår gard leigde vi både mann og traktor i mange år, då han far sjølv hadde arbeid ute. Torgeir Musland, og seinare hadde han søner med, var med traktor og reiskap i slåtten i mange år.

Det minka fort med korndyrkinga etter krigen, men potetdyrkinga heldt seg oppe. Dei første åra gjekk det nokre med potetopptakar, samarbeid med naboen og leigehjelp når potetene skulle opp. Mange koner nede i bygda var utruleg flinke og gode og ty til. Eg hugsar så godt ein replikk etter «Massa» Albrechtson då eg skrytte



Traktoren gjorde bonden sitt arbeid lettare på mange måtar.

av at ho var så flink og snar å plukka. «Jeg har så kort vei til jorda», var svaret, det var sant. Seinare fekk Johannes Naterstad belteopptakar og då vart det enklare å plukka. Potetene fauk ikkje så langt utover, og ein kunne plukka meir i teigar. Det var tilskot til ensilering og på meieriet fekk ein stimkoka potetene, og så køyra dei heim og legga dei i potetsilo.

Mjølkemengda auka på. Det vart meir eng og gras, dei gamle raudkollene vart etter kvart skifta ut med N.R.F., som var større og gav meir mjølk. Ein for a nok betre med. Mennene var komne meir i fjøsarbeidet, og kanskje det var noko av grunnen til at mjølkemaskina kom kring 1950-åra. Ei stor letta, og snart var nok maskina i alle florar. Arne Helleland installerte og vølte «Alfa Lavalen» når det trongst. Då vi seinare fekk tank og røymjølkeanlegg, var mykje av slitet borte. Tøming og vasking av spann og holkar var tungarbeid. I 1957 kom det nye meieriet på Seim. Lastebil køyrde rundt og henta mjølka på rampen, og etter nokre år vart dei tunge, ofte 50 l holkane, vaska og stima. Du for ei letta! Meieriet vart nedlagt i 1988, årsaka var at det hadde starta ei sentraliseringsbølga.

Smått om senn fekk vi mange elektriske artiklar som gjorde kvardagen lettare. Varmtvassbehaldar, fryseboksar og vaskemaskin. Først fekk vi fryseboksar som vi leigde på Kopen, men sjølv sagt vart det mykje enklare når vi fekk det heime.

Veret

Veret er alltid samtaleemne, og for bonden som for mange andre yrke, er det viktig. I ei bok som vi har, «Norsk Ver i 100 år (1893–1933)», vert det fortalt at somrane 1928 til 1929 var dei kaldaste i denne tidsperioden. Ved sida av var det mykje regn, så vi kan tenka oss kva slit det var med dei arbeidsmåtane ein då hadde. Sjølve hugsar vi nok krigsvintrane 1940–1941 og 1942,



Det gjekk ni store ras i Omvikdalen 1972. Dette er frå Stuland.

særleg 1941 og 1942, som er sett opp mellom dei kaldaste i hundreårsperioden. Tenk på kor vanskeleg det var å skaffa brensel desse åra. Vi hugsar nok best vanskanane med å få vatn til husar, til dyr og folk. Alt var frose til, og ein måtte hogga hol i isen for å koma til vatn. Skeiseis på vatn og elvar i veker og månadar gav mykje moro til born og unge. Om bandaskeisene kunne vere vanskelege å få til å sitja, lærde vi oss å surra.

Særleg hugsar vi flaumen i november 1940. Den gjorde stor skade i mange bygder, og ikkje minst i Rosendal. Det var verkeleg skadeflaum, der og menneskeliv gjekk tapt.

I år 1963 og 1966 var vintrane svært kalde. Fjordarmane, både Matre og Mauranger fraus til for lange tider.

Rundtom på gardane minnast dei også sommaren og hausten 1964. Det var den våtaste i heile hundreårsperioden. Det var nesten ikkje råd å koma ut på åkrar og bøar med køyreredskap. På vår gard hadde vi 10 mål poteter. Likevel fekk vi ikkje matpoteter dette året.

August 1972 vil ein nok ikkje gløyma så snart i Omvikdalen. Vi hadde hatt ein utruleg varm sumar og det var tørt over alt. Så kom regnet. Det var som ein spyleslange langs fjellsidene ovanfor Stuland, Landa og innover, og det løyste ut 9 skred. Nokre år seinare fløynde elva over i Hegglandsdalen, og der gjekk det liv tapt og.

Før snakka dei om sauesankingsver. Regn og vind var det ofte på denne tida av året, og det var ikkje alltid like lett å finna og samla sauene, særleg dersom elvane fløynde opp. Det vart nok betre når dei fekk køyra sauane heim på lastebilar og tilhengjarar. Noko vart likevel borte. Sauadriftene opp og ned dalen vår og haust var eit vakkert bilete.

Jordbruket har sanneleg endra seg fram gjennom 1900, og endringane har gått fortare og fortare. Kva tid tok ikkje onnearbeidet før? Eit gamalt herme etter ein unggut inne frå Røldal frå først i hundreåret. «Eg drøymde so ilt i nott. Eg drøymde at slåttan var byrja». No er slåttan unnagjort på nokre få dagar. Mykje av slitet er nok borte både inne og ute, men bonden har vorte eit meir einsamt yrke. «Ein får ikkje både i pose og sekk».



Fjordingen

*Vi som vaks opp på ein vestlandsgard
Vi veit kva «Fjordingen» var
for små og store
kva arbeid han gjorde
gjennom heile året.
I snø og slaps i vinterskogen
Vårarbeid med horv og ploegen.
Turrhøyllass over låvebru.
Tunge grasfôr med ploegen snu.*

*Fjordingen fylgde i sorg og fest
Han køyrde både jordmor og prest
Kronebrur med dombjølleklang
Vogna med granbar og salmesong
Hesten var med frå vogge til grav
Bondelivet han spegla av.*

Aslaug Eik

Laksefiske i Pileteigen


MARGIT TOSKEDAL

At kvinnfolk i båt fører til ulukke og dårleg fiske, er kjend sanning kysten rundt. Men denne sanninga galdt visst ikkje i Pileteigen. Margit Toskedal var det einaste barnet til Tora og Helge Pile, og ho fekk ver så god vera med på laksefiske frå ho var jentunge.

Pileteigen er eit lite småbruk på Lyngstranda i Kvinnherad. I 1891 kom Johannes Padøy frå Osterfjorden hit for å driva laksefiske: Han sette opp gilja, eller sitjenot, i Teigura, som då fekk namnet Strilura, sidan Padøyen var frå Strilelandet. Og Padøyen hadde hus med seg, ei lita stove på 3 x 3 meter som han plasserte på flaten nett oppom ura. Stova er no stabbur i Pileteigen. Olav Larsson Pile (1852–1922) som åtte Pileteigen flytte hit i 1902, og då overtok han fisket i Strilura sjølv. Han gjekk over til å fiska med kilenot, og slapp å sitja på gilja heile dagen og vakta på om fisken kom i nota. Men neimen om det gjorde seg sjølv å fiska med kilenot heller.

Mange stader førde det ulukke og dårleg fiske med seg å ha kvinnfolk i båt, men diverre galdt ikkje denne overtrua her. Kvinnfolk eller ungar var kanskje ikkje det

Skisse av ei kilenot.



beste mannskapet dei kunne ha med i laksabåten - ein stor og breibygd færing, tungrodd, men med god lastekapasitet til den tunge og våte nota. Men når det ikkje var mannfolk på garden, fekk dei klara seg med den hjelpa som var tilgjengelege. Og med sterk og til tider høglydt rettleiing, kunne dette mannskapet læra både å ro og å andøva, å tak eit tak når nota skulle opp i båten og sidan på land, å breia henne utover berget for så å pitla skit. Då måtte heile folket i arbeid, særleg dersom det var mykje «maneta». Verst var brennemaneta, men sjølv om nevane svei, laut me berre murka på utan å mukka.

Men å setja ut ilar – ankersteinar- det var karaarbeid. Fyrst laut dei finna 5 høvelege steinar, 3–500 kg tunge. Så skulle det festast streng rundt kvar stein og festa stei-

nane til ilestrengen, og så var alt klart til «utsett». Med ballast bak i båten vart ile festa i framskuten på båten. Så var det tung ror ut til plassen der ile skulle leggjast. Karen i framskuten rulla ut strengen som skulle gå frå ile til kagge, og han måtte ha gode krefter, godt handalag og, ikkje minst, god retningssans. Han skulle bestemma kvar tre ilar til spisskaggen og to til krokaggen skulle sleppast. Litt justering etterpå laut ofte til for å få nota i rett vinkel i høve til straum, vind og- ikkje minst, laksen sine «vegar». «Laksastreng» var streng som tolde saltvatn, og i kvar bunt var det ca 150 m. Det gjekk med 3 buntar kvart år til utsettet vårt. Dette var ei fast utgift kvart år. Ei anna utgift var bjørkebork til å koka barkalog av. Not og garn vart lagt i barkakjeret, som var eit stort, rundt trekar. Så vart barkalogen slegen over, og nota låg og trekte i dette «brygget» i minst eit døger.

Når ilane skulle setjast ut, vart det sett tog mellom kaggane, og frå krokaggen og til lands. Der not og beiegarn skulle møtast, vart det sett ut bakslag, som var ein streng til lands med ein liten kagge på. Og så skulle nota i sjøen. Ho vart festa i spisskaggen, og båten vart dregen etter det faste toget i krokaggen. Så vart nota festa der, vidare vart båten dregen til bakslaget og nota vart festa der og, og endeleg vart beiegarnet ført til lands. Så var det å ro ut att for å setja i stengene og å festa tungebandet til bakslaget. Og så kunne laksen koma!

Heile sumaren måtte nota på land att og reinskast for «skit», så ho vart teken opp fredag kveld og lagt på notaberget eit døger, for så å bli «lagt i blåstein». Dette vart gjort for at nota ikkje skulle rotne. Blåstein (koparsulfat) og sjø vart blanda i barkakjæret, og der skulle nota liggja i minst eit døger før nota vart sett ut att måndag kveld. Når nota vart teken opp, vart søkkesteinane tekne av etter kvart. Desse vart sette på att når nota kom i båten att for utsett. Då måtte det vera orden i systemet, med rett stein på rett plass, etter kva storleik og tyngde som skulle vera der og der og der. Det skulle vera avlange stei-

nar som var greie å festa steinbanda rundt. Om vinteren låg steinane trygt lagra attmed naustdøra, klare til neste års bruk.

Kring 1955 gjekk me over frå bomullsnøter til nylonnøter og – beiegarn. Eit stort framsteg! Dei var mykje lettare, og så trong me ikkje å blåsteina dei. Men framleis laut nota på land annankvar helg for å reinskast for skit og for å få bort blåskjelyngelen.

Kvifor dette alltid var helgearbeid? Fordi i helgene skulle nota vera stengd, så då kunne me ikkje fiska. Dermed var det ikkje pengar å tapa når nota låg på land i helgane. Stengings- og opningstidene varierte gjennom åra, men i den lengste perioden skulle nota vera stengt frå fredag kl. 18.00 til måndag kl. 18.00. Av og til kom lakseoppsynet på uventa synfaring og såg etter om nøtene verkeleg var stengde når dei skulle vera det.

Under siste verdskrigen var det kortare stengetider. Då skulle det fiskast mykje laks som skulle leverast til godkjende mottakarar. Og dei måtte nok ofte selja til vernemakta. Litt ulovleg fiske har det vel alltid vore, men under krigen var det rett, ja nærast ei plikt å fiska og selja illegalt. Og all lovleg fisk vart nok ikkje levert til godkjend mottakar heller.

Fram til eit stykke ut på sekstitalet vart laksenota stengt med tungebandet. Men så kom det eit påbod om at no skulle ein stengja med beiegarnet. Eit skrivebordvedtak, spør du meg, som gjorde stenginga til eit tungt arbeid. Einaste trøysta var at i tung framstraum, vart stenginga mindre effektiv-

Heldigvis gjekk me over til krokarn i 1971. Då vart alt arbeid med laksefisket mykje lettare, sjølv om garna laut på land kvar helg. Beiegarnet vart ikkje berre reinska på land. Helst skulle me fara over det kvar dag for å halda det reint og usynleg for fisken. Dette arbeidet måtte gjerast ved bakstraum, for då gjekk ikkje laksen på garnet korso. Og det var ikkje berre skit som festa seg på beiegarnet. Ein og annan lyr gjekk på, og han var god til fiskekaker. Hå i

garnet var og vanleg, og me brukte han til grisemat. Stundom var det nok til ein heil grisefarm. God grisemat var rognkjeksa òg, som av og til rota seg inn i laksenota.

Kor ofte me «såg i laksenota»? Fast var det tre gonger om dagen, men ofte meir. Var det sterk bakstraum, laut me «ned og turka», for då var kilane så opne at laksen kunne finna vegen ut.

Når me «turka», la me laksabåten på fjordsida av båten, hekta utsida av nota opp på keipane, drog ein del av nota turr slik at laksen hamna i framenden av nota. Så «turka» me rommet trongare og trongare, slik at laksen til slutt velta over æsinga og inn i båten. Så var det fram med lakseklubba, og slå fisken i hel med nokre skikkelege nakkedrag. Stundom stakk mindre fiskar seg vekk i kilane, eller tertar – laks under 3 kilo- rende seg fast i nota. Dette gav litt ekstra plunder, men dei hamna no i båten til slutt, dei òg. Vel på land vart fisken vaska og lagt, fint utstrekke og innpakka i våte og reine striesekker, i ei kasse med lok på. Vidare vart fisken levert til lokale mottakarar, på Ænes, Rosendal eller seinare, Løfall. Desse mottaka samla laks og sjøaure frå bygdene omkring, og sende til oppkjøparar i Bergen. Lenge rodde me til Ænes eller Rosendal med fisken, men sist i 20-åra fekk me motorbåt. Då vegen kom ca 1960, kunne me levera fisken med sykkel. Dei siste åra kunne me berre ringja til Løfall'en, så kom han og henta fisken med bil. Kva hadde Padøyen eller Gaml'Ola'n sagt om dei hadde fått sett dette?

Kor stor fangst pr. år? Det seiast frå ca 20 til 120 fisk, og så nokre tertar i tillegg. Mindre i vekt og i pris, så dei talde ikkje på same måten i statistikken. Beste fangsten på ein dag var 13 laksar. Den største laksen me fekk, vog 29 kg. Laksefisket var lenge lovleg frå april til slutten av august. Seinare vart lovleg fisketid kortare og kortare, så til slutt måtte me spørja oss om det svarde seg å bruka tid, krefter og pengar på å få fiska berre nokre få dagar. Svaret vart nei, så i 1997 vart det slutt på 106 års laksefiske i Pileteigen.



Gunnar Toskedal var i godlune når det var fisk i nota.

Men fisket hadde vore ei god attåtnæring for folket i Pileteigen. Gamle Tora fortalde om ein gong av mange, då det var ekstra smått med kontantar, og dei hadde noko som måtte betalast snart. «Helgen var gått i nota, og eg gjekk ut for å sjå. Då sa eg til Han der oppe at no fekk han jammen hjelpe oss, for no var me så ilt i legervald

(beit) for pengar. Og jammen såg eg det blenkte! Litt seinare kom Helgen heim med tre fine fiskar. Så vart me berga, denne gongen og».

Ja, laksefisket var ei god attåtning for oss og for mange laksefiskarar langs Kvinnhersstrendene, eit fiske som me no har måtta seia farvel til. Men enno er me mange som kan skryta over at me har vore med å fiska fleire laksar enn sjølvaste kongen.

Frå Johannes Lund si samling:

Overnaturlige skapnader:

Attergangar: I eit kjerr nedanfor Bakka hadde ein mann hengt seg. Han gjekk att, og forfylgde folk som kom forbi

Huldra. På Hjelmelandsfjellet var ei huldrehole. Ein mann kom forbi og såg ned. Der stod det 4–5 kvinnfolk og stelte og koka. Gamla sjølv såg han, og skvette varmt vatn oppover mot han.

Huldrekyr såg dei av og til, og kunne dei hiva stål over kua, var ho berga. Frå Bjørnebøle såg dei ei huldreku oppå Syne. Kua var ljوسblå og hadde horn.

Gardsbonden (gardsvorden) rådde over huset, og måtte få fred på torsdagskveldane, elles vart han sinna. Han likte heller ikkje at nokon arbeidde fredagskvelden. Jens i Fjedle' budde på Eik i Uskedalen. Han lappa sko med ein øksehammar ein fredagskveld, og det gjekk ikkje lenge før gardsbonden hamra på døra. «Lat opp døra, kvinnfolk,» sa Jens, og så slengde han øksa ut så gneistane spratt på hellegolvet utanfor. Sidan var han fri for gardsbonden

Fossegrimen lærde folk å spela fele. Gamle Klette sat inn under ei bjørkerot ved elva inst inne i Naterstaddalen og lærde å spela av grimen. Slåtten heitte «Bjørkeroten»

Nøkken skal ha vore sedd i Myrdalsvatnet: Ein liten mann med raud «pykahue» som sat på ein stein i vatnet.

Gamla Skaalabuo til minne

WENCHE SKAALUREN

Ei lita handelssoge frå Rosendal

Ein sliten protokoll fortel fylgjande:

Etter det i Kvinnherred Folkeforening den 2. Juli d.a. (1874) enstemmig vedtagne Forslag til Opprettelse af en Handelsforening i Kvinnherred, sammentraadte på Landhandlerstedet Vang den 31. Oktober efter foregaaende betimelige berømmelse omtrent firti Interessenter i den anledning, og da det viste sig at der var saa mange der tegnede sig, at den straks kunde sette sig i Virksomhed, gikk Forsamlingen ind for Foreningens samlede Plan der efter et par smaa ubetydelige Forandringer blev enstemmig vedtaget. Derpaa foretoges Valg paa Bestyrelse, der efter Planen § 5 skulde bestå af 6 - seks Medlemmer, hvilket fik følgende udfald:

Lars P. Seglem, Lars M. Seglem, Peer P. Skeie, Knudt T. Skaaluren, Johannes J. Skaaluren – og gjorde et Medlem Johannes J. Skaaluren opmærksom paa at den der havde Handelsbrev eller Borgerskabet, maatte være Medlem af Bestyrelsen ifølge Lov af 24. Mai 1872 og ifølge den af Foreningens vedtagne Plan § 5 og havde man saaledes at vælge som sekste Medlem af herværende Handelsmænd enten

Samson J. Skaale eller Jens K. Vang hos hvem af disse man leide hus blev denne at tilføre som Medlem af Bestyrelsen, da den havde Borgerskab - hvilket enstemmig vedtages-.

Etter konferansen – og litt fram og attende - vert Samson J. Skaale sitt tilbod godteke. Han skriv over sitt eige varelager til Handelsforeningen og vert den første styraren der.

Protokollen er datert den 31. oktober 1874, og er underskriven av Samson J. Skaale, Johannes J. Skaale, Lars Monsen Seglem, Peer Peerson Skeie og Knudt Skaaluren.

Kvinnherad Folkeforening hadde gjort eit godt førebuingssarbeid, for i same møtet vert Lov eller Plan for Kvinnherreds Handelsforening godkjent og underskriven av den nyoppretta Bestyrelse.

Lova inneheld tolv paragrafar, og den første lyder såleis:

– *I Kvinnherreds Sogn opprettes en Forening kaldt Kvinnherreds Handelsforening. Den har til Formaal at fremskaffe Bygden allslags varer til så billig Pris som mulig.*

§ 2 fortel at

– *Midler til Handelsdriften søges tilveie af Aktietegning der bestemmes til 10 – ti – Spesiedaler.*

Kvinnene hadde ikkje noko å seia, for same kva innskot dei har, kan ikkje veljast andre til Bestyrelsen enn «*Mandspersoner, der har oppnået myndighetsalder*», som det heiter i § 2.

Dei andre paragrafane handlar om prising av varer, kreditt til «medlemene» og Bestyrelsens (heile styret) ansvar.

Hundre og fem personar frå Guddal/Naterstad og innover heile strekkja til Løfallstrand og Snilstveitøy teiknar seg for ei eller to aksjar kvar, medan stamhuseigar Gerhard Hoff Rosenkrone riv i heile ti aksjar.

Første året er grunnkapitalen på 1450 spd., men alt frå nyttår 1876 kjem 35 nye aksjonærar, og kapitalen aukar med 690 spd. No kjem også omvikdølene med i Foreninga.

Samson J. Skaale – den seinare velkjende hotellverten – har ei årsløn på 170 spd. frå 11. november 1874, og alt neste dag løyser resten av Bestyrelsen ut Jens Vang sine varer. Veka etter vert det teke opp eit lån på 1000 spesidalar i Kvinnherred Sparebank til drifta, og heile Betyrelsen kausjonerer for lånet.

I november 1875 seier Samson Skaale opp styrarstillinga, og det vert speida etter ny lokalitet for landhandelen. Det endar opp med at Samson sel «buo» for 775 spd., men held unna dampskipsekspedisjonen. Den 18. april 1876 vert Samson J. Tvedt frå Omvikdalen ny styrar med ei løn ut året på 100 spd. Og Samson (f. 1951) vart verande på «Buo» heile sitt yrkesaktive liv, dei siste åra som dampskipsekspeditor. Han vart gift med Brita Skaale, syster til Edel, som var gift med Samson J. Skaale. Slektskap og trufast venskap vart grunnlaget for årelangt samarbeid. For Samson Skaale var ein klok, vidsynt og velhalden mann som mange søkte rettleiing og hjelp hos.

Årsmeldingane fortel at det går bra med Handelsforeningen dei første åra, sjølv om Bestyrelsen er litt betenkte året 1897, dei meiner inntektene er for høge! Prisane vert difor sett noko ned, slik at overskotet ikkje vert for stort.

Lod, pund, vog, kande, tønne, fot og alen er nemningar som går att i dei gamle kladdane, der det også vert notert ubetalt handel. Det offentlege må ha sett fram krav om nye mål- og vekteiningar i 1882, for på årsmøtet i januar dette året «samtalenes man om at faae innkjøpt de nødvendige Vekt og Maal og vektredskabe til tilstundede 1. juli hvilket, overlades til Bestyrelsen at bestemme hvilke sorter».



Den gamle Skålabuo

I 1883 vart den seinare så kjende Johannes L. Næs tilsett som dreng for ei årsløn på 200 kroner, med eit tillegg på kr. 40,- året etter.

I fleire år hadde Handelsforeningen kjøpt bakarvarer frå Hilleraas Dampbakeri i Stavanger. Transporten gjorde at varene måtte vera meir enn daggamle før dei kom til Rosendal. Arbeidet vart sett i gang for å få eige bakeri, anten hjå Jens Vang eller Tørris Skaaluren. Sistnemnde stad vart valt, og samarbeidet pågjekk i mange år. I 1886 vart det sett fram forslag om «at andskaffe en Ovn til Kramboden. *«Med en Stemme besluttedes at en tjenlig Ovn samt nyt Gulv og Paneling og det til Ovnen fornødne bliver at andskaffe så snart skje kan».*

Året etter vert reist spørsmål om «*at yde en gave til Hedningemissionen»*. Det vert ytt kr. 10,- som vert ei årleg utgift seinare.

Godskalk Guddal reiste ynskje frå Kirkesanger Frøisland «*om andskaffelse af en Lampe til Malmanger Skolekrets. Forslaget bifaldes ikke.»*

År 1888 var det for fyrste gong reist spørsmål om innkrevjing av uteståande pengar. Bakar Hansen er no tilsett for ei årsløn på kr. 650,-. Han bygde seinare eige hus og bakeri/utsal der Kopen ligg i dag. Framleis er han omtala som ein framifrå bakar som leverte varer til andre.

1891 er notert «*Andragende fra J. Enger (prosten) om Eftergivelse af kr. 36,57 til Ovnene i Kirken*». Men karane er standhaftige og slår fast: «*Andraget indvilges ikke!*» medan heidningemisjonen får sine kr. 10,-.»

Knut Skaaluren kjem i 1893 med framlegg om «*at der til Undersøkelse af Telefonlinie bevilges et Beløb af indtil kr. 50,- der stilles til Bestyrelsens raadighed. Enstemmig vedtaget*».

Det er i 1894 Godskalk Guddal seier frå seg jobben som buadregng for å ta over handelen etter Johs. L. Ness. Same året teiknar Foreningen 10 aksjer á kr. 40,- i «*en vordende Telefonledning til Bergen og at forsøge at holde en Auktion over en del mindre gangbare Vare*».

Tre forretningar konkurrerer med kvarandre i Rosendal, og inntektene på Buo går ned. Det aukar med uteståande pengar, og i 1896 vert det sendt heile 172 kravbrev. Det vert også tinga 500 ferdigtrykte påkrav. Resultatet må ha vore magert, for no tek bankkassarar Axel Lea til orde for at Foreningen vert oppløyst. Betyrelsen avslår, og får m.a. sett ned bakerileiga til kr. 150,- årleg.

I eit forsøk på å tekkjast aksjeeigarane, vart det gjort følgjande vedtak:

«*Til samtlige Aktieinnehavere udbetales et Udbytte på kr. 5,- – fem – Kroner pr. Aktie for den forløbne Tid til udgangen af 1895 saaledes at det for sistes Vedkomma der skylder erholder Varer for Beløbet.*»

Problema vaks likevel, og rekneskapan syner underkot på kr. 708,-. Bestyrelsen vert uroleg, og tilkallar J. Skaaluren og A. Lea for konsultasjon. Bestyrelsen konkluderer med: «*Foreningen der for største del har handlet kun med slige Varer der liden eller ingen Fordel bringer.*»

Skal Foreningen med Fordel fortsættes, maa i Handelen optages uden Forskjæl alle Varer der med Fordel kan omsættes – altsaa ogsaa de Varer som nærmest maa regnes til Luksusgjenstande».



I same møte vart det peika på aukande konkurranse med «Byerne». Bestyrelsen finn det likevel rettast å leggja problema fram for ekstraordinær generalforsamling, og ber Axel Lea vera ordstyrar og protokollfører. Under ordskiftet sette P.S. Hjelmeland fram forslag om å leggja ned Foreningen – og dette vart vedteke mot 13 røyster.

Protokollen fortel vidare: *«Dernæst besluttedes at overdrive Foreningen med Aktiva og Passiva til S. Tvedt mod at han betaler kr. 75,- pr. Aktie saaledes at kr. 25,- betales inden 1. Januar 1899 – kr. 25,- inden 1. Januar 1900 og kr. 25,- inden 1901. For de Aktie-eieres vedkommende der staar til rest i Foreningen, bliver Beløbet straks afskrevet på Gjalden medens de der intet skylder kan erholde Varer for Beløbet, eller kontant ved forfalltid».*

Samson Tvedt betaler «påhvilende skatter for 1898» og tek over Foreningen sine aktiva og passiva frå 1. mai og skaffar garantiar for utbetaling av alle aksjane. For å makta dette, pantset Samson Tvedt eigedommen sin «Solvold», med påståande *«Huse og Herligheder, samt sine ti Aktier á kr, 10., i Kvinnherred Uldvarefabrikk».* Frå 3. mai 1898 er Samson Tvedt eineeigar av landhandelen i den gamle Skålabuo.

Dei gamle kladdane fortel Buo si soge vidare. Her finn ein ikkje berre summar i spesidalar, skilling og ort, men nemningar på mål og vekt som dei unge i dag ikkje kjenner i det heile.

Samstundes får vi ein glytt inn i kvardagslivet sine krav. Og dei er små! Største handelen går på gryn - gryn-mjøl og rug. Lite kveitemjøl, for det er luksus. Olje - lampeglass - lær - tresko - kaffi - sikori (kaffierstatning), for ikkje å snakka om tobakken til trøyst i det kvardagsgrå. Det er karane som for det meste står ansvarlege for



Sirlig handelskorrespondanse.

handelen. Men frøken Unger og søstrene Maja og Sofie Rosenkrone jamleg kjøper seg tøy, tråd og ymse sysaker. Karane forsyner seg av og til med ein hatt til kr. 1,-, men elles er det lite som vitnar om luksus i bøkene.

Dei gamle kladdane der vareslaga er nøye notert med mål, vekt og pris, er ei kjelde til kunnskap om kvardagen på bygdene våre for over 100 år sidan.

Hushaldet må ha vore enkelt, med mykje mjølmat. «Graut så hardstampa at dei kunne dansa på han sat godt i livet», seier eit gamalt herme.

Utanom kaffien med sikori for å dryga han, er det tobakken og sirupen som søter kvardagen for kar og kvinnfolk - om ein ser bort frå Tjørbeiten då, som tillet seg å handla «cigarer ender og da».

Leveransen av lampar, olje og veiker fortel kva ljøs dei hadde å hjelpa seg med. Lær til sko og seletøy går stadig att, medan Rug-gris og Rugaffalf fortel om dyrefor. Maisen gjer seg først gjeldande dei siste åra. Eit par storleveransar av salt set fantasien i sving om innsig av sild og brisling, og stor aktivitet med landnot på Skålavikjo.

Samson leverer varer notert både til «Det frivillige Fattigvæsenets Regning» og på «Fattigkassens Regning». Leveransane femner om så vel klede av ulikt slag, som matvarer og skulebøker der nauda er størst.

Kassaboka er avslutta i 1909.

Eit par gamle notatar funne hos naboar til landhandelen fortel om då det er auksjon på Skåla, m.a. over tøy, knappar, steintøy m.m. Dette fører tankane innpå spørsmålet om dette er Bua-Samsonen sitt opphørssal. Han slutta i alle fall som handelsmann dette året, men heldt fram som dampskipsekspeditør gjennom mange år. Samson var elles mykje nytta i kommunale nemnder, og sat i styret i den første banken i Kvinnherad.

Samson Tvedt døydde i 1934, men den gamle sjøbuo, der Kvinnherad Handelsforening heldt til i eit kvart sekel, vart riven i februar/mars 1912.

Rosendal, 18.10.92.

Wenche Skaaluren.

Det var ein gong

WENCHE SKAALUREN

Noko lest, litt høyrte og mangt lært i livets skule

Ordførar Hans H. Galtung frå Jondal kom i Amtstinget 1864 med følgjande uttale:

«Kvindene i dette Amt endnu noget nær, står på samme Standpunkt som ved Århundredets Begyndelse. Uvidenhed, Vedhengende ved det Nedarvede og Tilvandede og Mistillid for ikke at sige Foragt lige overfor alt Nyt, Uprøved ere Fremtredende Træk i hendes Karakter. Kvindens Ukyndighed tilendtegjør Fruktene af Mandens Stræben og Høiere Indsigt medens hans Energi og Virkelyst lammes».

Der er sagt at ordføraren kan henda ikkje hadde uttalt seg så sterkt om han hadde vore heime i Jondal, men kraftsatsen hans set i det minste tankane i sving hundre og femti år seinare.

For korleis var det eigentleg å vera mor og husmor så lenge naturallushaldet rådde og alt arbeidet skulle utførest med eigne hender? Kva høve hadde kvinnene til å få utvikla sine evner og særinteresser i ein kvardag som krov så mange tunge tak for å overleva?



Det galdt å nytta tida, og spøtet var med når kvinnene gjekk på vegen. Her: Frå Plassavegen.

«Berre kvinnfolkarbeid»

Prevensjonsmiddel var ukjent, og resultatet var store barneflokkar i dei fleste heimane. Som ho fortalte gamle Jonette Øyre oppvaksen på garden Øye på Snilstveitøy:

«Vi var ti sysken, mor og far, bessen, besto og så fasto. Femten menneske som skulle ha mat og kle! Fasto karda, besto spann, og mor vov og sydde kle til alle saman. Graut hadde vi to gonger til dagen, og elles veit du det var sild og brislingen som heldt liv i oss!»

Ei av mine egne formødre fødde sytten barn, men ho døydde ung, står det i gamle dokument. Kan henda ikkje så rart! Oldemor på Jæren fekk ikkje læra å rekna då ho gjekk i skulen. Grunngjevinga var at dette faget hadde jentene ikkje bruk for.

Sjolv har eg eine foten trygt festa i det bondesamfunnet som rådde før maskinar og teknikk letta på kvardagsstrevet. Steinbukken, feisel, minebor og slegge saman med brekkstonga, var utstyret til å bryta ny jord. Sparsemd og varsemnd høyrde kvardagen til i dei fleste heimane.

Alt slitande og bitande måtte nyttast til siste trevl. Difor var det vanleg at kle og sko gjekk i arv frå den eine til den andre. Kontantar var det smått med sidan dei måtte tenast på avdråtten på garden.

Nittiårige Karsten Bjørke oppvaksen i Kvam, fortel at i hans barndom leverte dei mjølk til meieriet og fekk åtte–ti øre literen. Truleg var det sameleis i Kvinnherad.

Så seint som opp i 1950-åra var nær åtti prosent av landet sin busetnad enno knytt til primærnæringane landbruk, skogbruk og fiske. Samstundes var berre sju–åtte prosent av kvinnene sysselsette utanom heimen.

For dei fleste jentene var arbeidstilbodet å hjelpa i barndomsheimen eller å verta taus og træl hos andre. Gutane var prioriterte frå dei var fødde. Dei skulle til dømes alltid døypast før jentene slapp fram til døypefonten, og seinare hadde dei ein sjølvsgt førsterett til vidare skulegang om det var økonomi til det. Elevane ved Rosendalskulen var såleis berre gutar, utpeika av prest og lærar i soknet deira.

Under oppveksten i min barndoms Omvikdal levde det tradisjonsbundne samfunnet under den uskrivne lova: *Kva vil folket seia?* Den domen knuste nok mange draumar og lengt hos den som ville trø utanom allfarvegen. Nemningar som Hansane, Jensane, Perane og Olafolket, fortel om kven som sette sitt preg på grendene.

Når eg av og til var sendebod i tun og grend, var svaret frå husmora jamt: «*Du, eg kan ikkje svara på da, for «han sjolv» er ikkje heima!*» Det var «han sjolv» som tok avgjerder og styrte pengane om dei fanst. Såleis var det om lag berre karfolk som ofra skillingane sine under gudstenestene.

Dei gamle kladdane (protokollar der handelen vart notert og betalt avdragsvis) frå Kvinnherred Handelsforening i den gamle Skålabuo (1874–1909), avslører og at det var karane som var ansvarlege for innkjøp av daglegvarer. Med eit lite smil er det registrert at NN har handla så og så «ved sin kone».

Men enkja på Skeie var først etter eitt og eit halvt år i stand til å betala varene til mannen si gravferd. Innkjøpet er nakkafisk (nytta til lutefisk) smør, sukker og kaffi. Her får vi stadfesta at lutefisk ikkje berre var julekost, men og nytta i sjundo (den gamle nemninga for gravferd).

Treognittiårige Jenny Nes fortel at kvar laurdag tok faren ein kvit sekk på ryggen og smørambaren i neven for å gå til Skåla. Her hos broren, Johs. L. Ness, bytte han smøret i varer dei trong i heimen. Den velkjente handelsmannen – i det daglege berre kalla Nesen – starta elles sin karriere i 1883 som krambudreng i Handelsforeningen med ei årsløn på kr 280 og med tillegg på kr 40 året etter. Og «Madli under apalen» (Jens Tvedt) gifta seg med den tre gonger så gamle stratten for å få seg ein heim.

Då eg vaks opp, var der mange som tenkte slik og såleis sikra seg livsopphaldet på denne måten. Alternativet var som alt nemnt, å gå som uløna taus i barndomsheimen eller i arbeid hos andre. Som ein digresjon kan eg nemna at legendariske dokter Haugen som kom til Kvinnherad 1934, kjempa seinare for å få ein aldersheim «for alle familieenkene», dvs. kvinner som hadde slite heile livet sitt for foreldre, og som vart overflødig då odelsguten tok over garden.

Mor mi hadde fem kroner pr. månad då ho femten år gammal kom som «barnefrøken» til Omvikdalen i 1905. Her vart ho titulert med De og frøken Hiorth! I 1920–1930 åra var ei tausaløn kr 15–20 i månaden, og mange var takksame for at mat og hus følgde med. Det var ingen avtale om arbeidstid. Det var berre å stå på så

lenge sjølvfolket krov det. Ramaskriket kom då det vart lovfesta at alle «tjenestepiker» hadde rett til å vera fri frå klokka fire kvar onsdag ettermiddag, og eg trur heilt fri kvar tredje helg.

Det var sjølvsagt at fleire generasjonar levde under same tak og gjekk til same bord i heimane våre. Var det kårfolk på tunet, stelte dei gjerne for seg sjølve i ein liten del av våningen. Det hende nok at dette aldrande paret hadde meir å rutta med enn den yngre generasjonen med ein stor barneflokk.

Det var berre å ta i mot dei små slik «Storemannen» ville det. Elles var det tabu å snakka om graviditet og det som følgde med. I krærne vart det kviskra: «*Eg trur ho er umhende, (gravid) eller ho før idla (aborterte)!*» Og stakkars den som vart ugift aleinemor. Ho var utskjemd og fekk ein tung lagnad medan barnefaren gjekk fri all spott og spe.

Det var tradisjon å avslutta eit kårbrev med at NN skulle ha pass og pleie i sin alderdom. Vi kjenner til fleire koner som grunna denne paragrafen, fungerte som sjukepleiar for sengeliggjande kårfolk i årevis. Kva desse børene må ha kosta av slit og forsaking, var aldri eit diskusjonstema. Men det må ha falle mange bitre tårer i det stille over lagnaden ein fekk.

I mine unge år var det eit stort skiljet mellom manns- og kvinnearbeid. Det vil seia at det var utenkjeleg for ein husbond å ta eit tak innom huset sine fire vegger eller ha sut for barna på noko vis. Om han skulle køyra ei barnevogn, – ja då ville han verta dømd som tøffelheit for resten av livet! Å dra mjølka ut av ei ku, kom heller ikkje på tale for ein mann. Melde nauda seg, var det å springa til granen for å få tausahjelp. Var det urimeleg for ein mann å gjera noko innahyses (innomhus), var det like sjølvsagt for husmora å ta eit tak i onnearbeid som høying, potetsetjing og opptak – og å vera med i skuronna. Ja, eg har sett husmora både lessa og spreia møk som ein kar. Eg har og opplevd å sjå kona på ein liten husmannsplass dra ploegen medan mannen gjekk attom og skubba på!



Klesvasken var eit tungt og tidkrevjande arbeid. Bilete er frå Tveitatunet.

Notbas Johannes Haktorson frå Husnes fortalde og at så lenge dei dreiv med landnot, var det kvinnfolka som rodde den tunge notbåten medan karane kommanderte frå lett båten. Denne særmerkte notbasen var med og skipa Noregs sildesalslag. Der var han i styret til han var nittito år, og han vart første æresmedlem i laget. Det var kvinnene sitt ansvar å ta hand om alt i fjøset, medan det var vanleg at «han sjølv» stelte hesten og sauene. Men det var kvinnfolkarbeid å klyppa desse haust og vår.

I min oppvekst var der ikkje noko vassverk til i bygdene våre. Alt vatn til folk og fe laut hentast i brunn, bekk eller elv. I notida er det ikkje så mange som kjenner til den trufaste og blankslitne vass-selen som hadde sin faste plass i bislag og fjøsgong. Brukarane hadde eit

utruleg lag med dei to fulle byttene slik dei ikkje skvalpa bort dyrebare dropar. Og det var ikkje lite som skulle hentast til hushaldet og dyra.

Vassbytta, med den store felles ausa, hadde sin faste plass i alle kjøken, og ein laut vera varsam med bruken. I så måte kan ein sitera husbonden då gjesten var vel ut av døra: «*Trur du ikkje han fylte heile vaskefatet!*» Vi lyt nok slå fast at den personlege hygienen hadde ei litt annan karakter enn den vi kjenner til i dag!

Klesvasken gjekk oftast føre under open himmel. Oppsittjarane på Fedt og i Lund hadde på kvar si side av elva fast vaskeplass med mura grue. Kari og Kristiane Lund brukte, til mi store undring, banketre på sine kle. Elles var det faste utstyret den store koparkjelen, trestampar, vaskebrett, ein skurekost til grovt tøy og så den uunnverlege fiskeballeboksen med grønsåpe. Det var eit slit, men som ho sa byfrua om tanta si: «*Hun var så fin og fornem at hun aldri fikk kjenne gleden over, - og duftene av en ren klesvask*». Den gleden var vi mange andre som fekk oppleva.

Treskorne var det daglege fottøyet med sin faste plass i bislaget så ein kunne telja kor mange personar som var heime. Eg minnest vel den trufaste tømmermannen Knut Håland sine ord: «*Du veit det var ikkje så enkelt å svinta seg på tresko gjennom myrane i Neslio til og frå arbeid!*» Han budde då i Vevikjo på Løfallstrand med kone og sju born i ei lita stove og hadde sekstifemtimars arbeidsveke i Fjæro.

Helsevesenet veks fram

Vender vi som snarast augo mot helsevesenet i farne år, fortel den vesle Kvinnherssoga frå 1914 at kommunen snart skulle få eigen lege!

Til då hadde Vikøy (Kvam), Tysnes og vår kommune ein felles lege som skulle bu på Tysnes. For der var folk fattigaste! Ei rekning frå den epoken fortel: «*Kr 2,50 for*



*På veg til stamparen for å stampa vadmålet slik at det vart sterkt.
Bilete er teke i Tveitavegen.*

Deres syge Mand. To medisinglass bedes vennligst returnert». Då bror min vart sjuk sommaren 1926, laut to karar ro til Tysnes for å henta dokter, for distriktslegen i Kvinnherad var på ferie. Slik var det den gongen! Fram til storkommunen vart skipa i 1965, hadde forresten Kvinnherad med sine veglause grender og seks tusen innbyggjarar, berre ein lege utan kontorhjelp. I dag er her vel ein lege for kvar tusen menneskje litt rundt rekna, pluss ei rekkje sjukepleiarar i helsesentra våre.

«Sykepleierforeningene», som eg trur vart skipa kring 1917, arbeidde på strekkja Uskedalen–Løfallstrand. Foreiningane løna ei sjukesøster som vart skyssa kringom med hest og stolkjerre i det vidsveimte distriktet hennar. Marie Rabben frå Omvikdalen var den første i denne stillinga. Anna Nes i Rosendal avløyste henne, medan Kristi Hjelmeland var den siste som vart løna av desse foreiningane, om eg minnest rett. Ho nytta sykkel som framkomstmiddel. Eg trur kommunen kom inn med økonomisk ansvar for Kristi i dei siste åra ho fungerte.

Helga Albrethson og smedakona i Omvikdalen - søte, oppofrande Brita Hannisdal - var dei som i 1920-åra tok opp arbeidet for å få reisa ein gamleheim i kommunen vår. Til liks med «Sykepleien» var det årlege basar, men med tiores-lodd vart det langt fram for å nå det idealistiske målet! Det var sommaren 1957 den første aldersheimen i Kvinnherad vart teken i bruk, og då var dei to eldsjelene borte.

Eit gryande mediesamfunn

I mine aller tidlegaste barneår var det at elektrisiteten kom til Omvikdalen. Men då var nedgangstidene etter første verdskrigen starta. Folk flest hadde lite kontantar og nytta straum berre til litt ljøs i våningen og, i heldigaste fall, i løa. Fjøslyktene med talgaljoset, som eg minnest så vel, er no etterspurde antikvitetar! Det var og heimmar som ikkje hadde råd til å kjøpa straum i det heile.

Elektrisiteten førte med seg eit utruleg nyhende kring 1926–1927. Nemleg at vi kunne sitja i Omvikdalen og lytta til folk som snakka i Bergen! Det var smedasonen Olav Hannisdal som hadde laga eit krystall radioapparat. Så sat ungeflokken laurdagskveldane hos han med øyreklokker og lytta til knitring og smell saman med Kallemann og Amandus sine utrulege eskapadar. Etterpå kappsprang vi heim att for å fortelja mor og far om alt vi hadde høyrte og opplevd. Første skikkelege radioapparatet med høgtalar var det Mads Tvedt på Elvahaugen som skaffa seg eit par år seinare.

Elles kom og gjekk straumen grunna veikt linjenett. Difor sto dei gamle, vakre parafinlampene oppmarsjerte, ferdig til bruk, i mange, mange år. Straummangelen etter at verket i Muradalen for på sjøen i flaumen i november 1940, er verd si eiga soge.

I 1893 kjem styremedlem i Kvinnherred Handelsforening Knut Skaaluren med følgjande framlegg: *«at der til Undersøgelse af Telefonlinie bevilges et Beløb af*

indtil Kr. 50 til Bestyrelsens raadighed. Enstemmig vedtaget». I 1894 teiknar Foreningen ti aksjar à kr. 40 «*i en vordende Telefonledning til Bergen*». Kva tid saka vart løyst, veit eg ikkje. Ei heller når Omvikdalen fekk telefonstasjon. Men den var i alle høve på Dimmelsvik i eit lite kammers hos syskenparet Gerda og Hans Meidell. Gerda hadde ansvaret for stasjonen, i tillegg til at ho hjalp te broren i butikken og posten. Den første tida var der berre tre heimar som hadde telefon, og då på same linje, men med ulike signal. Såleis kunne alle lytta til samtalane, og ikkje noko var hemmeleg i dei dagar! Men alle var avhengige av at Gerda var tilstades og kunne ekspedera samtalane. Og det var ikkje alltid! Såleis lever enno kommentaren frå Knut Huse då grannen sveiva fortvila på telefonen for å få tak i dokteren: «*Stå ikkje der og sveiva på det helvetes apparatet! Eg sykklar til Rosendal på fem minutt!*» Han så gjorde. Dokteren kom, og barnet vart berga. Same syklisten vart nytta som ordonnans om einkvan trong medisin frå Valen sjukehus. Utanom denne heidersmannen var det berre to ungarar som hadde spandert sykkel på seg før eg vart skulejente. Men sommaren 1934 då eg skulle gå for presten, fekk eg sjølv ny sykkel til kr. 125, kjøpt hos Singeragent Lars Eik på Sponhaug!

Er det dette dei kallar utvikling?

Haust og vår var det faste bagedagar. Slekt og grannar kunne hjelpast åt der den eine baka, og den andre laga emne og steikte flatbrød og lefser i store ruver som hamna på stabburet.

Haustadagen vart sauene som skulle seljast, levert til Torgeir Guddal som dreiv slakteri i heimetunet. I Rosendal tok Ole Vang i mot storfe for slakting. Før vidare eksport vart slaktet vart hengt opp til avkjøling i det store asketreet som sto midt i tunet. Ole hadde og butikk i kjellaren i våningen sin. Hygienen der var meir

enn enkel, og tobakksstrimene i det svære skjegget avslørte at vaskefatet neppe vart nytta så ofte! Likevel gjekk handelen bra, og Ole var kjent for å vera ein hal-den mann.

Alle dyr til eige bruk vart slakta heime. Og alt måtte nyttast på beste måte. Blodet vart omsett til pølse, blodkaker og blodkomle. Enno går det gjetord om den gode heimelaga finka, medan smoltet erstatta smøret i mange heimar. I min eigen heim vart dette feittet nytta først og fremst til å koka julebaksten i, medan resten hamna i andre matemne. Syltelabbar og sylteflesk var fysemat for dei fleste. Griseøyre og lungene, som var mykje nytta på Austlandet, kjenner eg ikkje til vart brukt her vestpå. Merkeleg nok var mange huslydar i mine barneår reserverte for å bruka lever til mat. Den tok mor så glad over og laga om til dei lekraste posteiar og middagsrettar. Same reservasjonen var det andsynes fjørfe, som vart nytta mykje som sundagsmiddag heime hos oss.

I dei fleste tun var det gris som skulle slaktast til jul. Dette måtte gjerast på veksande måne, for då vart flesket drygast; og på flo sjø, for då losna busta best! Salting og røyking var konserveringsmiddelet. Saman med hermetisering av kjøtkaker, var ein sikra sundagsmat utover vinteren.

Slik var det før mattilsynet fekk makt og mynde! No er der forbod mot heimeslaking. Om det så er ei høne for sal, skal ho først til eige slakteri! Resultatet er at mykje kunnskap om å nytta ymse slakt på beste måte, går tapt. I dag ser ei gammal husmor med vemod ut over store kjøle- og frysediskar der all kjøtmat er såkalla gryteferdige rettar. Alt er pakka i plast, laga av ufornybar olje frå havet, og dette aukar dagleg våre søppelberg. Det meste av butikkane sine tilbod av mat og drikke har påklistra lappar som fortel oss om alle kjemikaliane som er tilsette produktet. Ikkje noko tilsyn orienterer oss om kva desse tilsetningane på litt sikt gjer med kroppen vår. Men våre media fortel om skræmmande auke i diabetes og

ulike allergisjukdommar mellom våre barn og unge. At alle vassverk må ha kjemisk reinseanlegg. At drikkevatt på flasker er blitt storindustri, burde vera ein alvorleg tankevekkjer for oss alle. Kva er det som går føre seg i verda i dag? Kan henda min generasjon vil gå over i saga som den siste som opplevde å pusta i rein luft og fekk drikka reint vatn frå elv og bekk. Skremmande? Ja, men ikkje urealistisk, er eg redd for.

Frå Johannes Lund si samling:

Varsel – gut eller jente.

Når ein ville vita om eit barn blei gut eller jente, så skulle dei ta skilbladet når dei klipte ned veven. (Det måtte ikkje vera den som gjekk med barn). Ein skulle løysa bandet i eine enden, ta spilene på okslene, og gå ut. Dette heitte *å rida ut*. Råka ein då på ein kar først, så blei barnet gut, og råka ein på eit kvinnfolk, blei det jente-barn.

Barnsenskoner

Barnsenskonene måtte ikkje sjå *haren*, elles blei barnet *haremynt*. Dei måtte ikkje røra blod, og helst ikkje sjå på *slakting*. Fekk dei *blodflekker* på seg, så viste det på barnet. Ein mann i Guddal hadde ei *blodbot i nakken*, den trudde dei han hadde fått på den måten.

Framhald neste side

Frå Johannes Lund si samling:

Bjørnen stod hardt etter barnsenskonene. Kvinna med barn måtte ikkje ligga på setra. I *Grynningen* låg folk i gamle dagar. Ein dag kom ein mann og fortalde at no hadde han sett at bjørnen hadde laga ei stor hole innom sela eit stykke. Så dersom der var nokon av dei som var i «det standet», så kunne dei passe seg. Ei av jentene strauk heim med ein gong, og det synte seg seinare at ho gjekk med barn.

Ein måtte ikkje *åretta* noko inne i huset medan kona gjekk med barn, elles blei ho ikkje forløyst. Jehans Fjellhaugen – Store Jehans'en – hadde laga ein dragslede og åretta han i stova med kona gjekk med barn. Det gjekk trått for kona å bli forløyst då barnet skulle koma. Jehans'en sprang då innunder Hamrackleivo der sleden stod og slo ut alle årettane for at kona skulle bli forløyst. Ca. 1830–40

Dei *døypte* borna snart, ei veke eller så etter fødselen. Ola Jonsen blei dregen til Enes nyårsdagen to dagar gamal i eit forver, for å bli snart døypt. Sjuke born fekk salmebok på vogga. Døydde dei, fekk dei salmebok på kista.

Barnsenskonene måtte ikkje «setja seg på marki» (for å lata vatnet) før dei hadde vore til kyrkja og hadde vorte «*innleidd*» av presten.

Stål verna mot *bytingar*, dei var underjordiske sveklingar.

Halsnøysamfunnet kring 1950

Me kjem frå Halsnøy, denne vakre øya som i vår barndom høyrde til Fjelberg kommune. Her vart me forma av arv, miljø, tradisjonar og tidsbolken me levde i. Judit og Grete budde på Buneset i Toftevågen, medan Anny budde på Nygaard på Larsstø. I det følgjande vil vi fortelja litt om korleis det var å vera barn og ungdom på Halsnøy på 1950-talet.

*Judit T. Handeland, Grete Tofte Lønningen,
og Anny Nygaard Mehl.*

Leik og moro

Anny fortel

Besteveninna mi, Frøydis, budde på Stølshaug, litt høgare oppe mot skogen. Det var berre ei myr og ein klukkande bekk eg måtte over for å koma til henne. Bekken klukka så fint for den rann delvis under jorda, den kunne også brusa og skumma, og skummet trudde me var noko av nissen sitt skjegg. Det var ikkje få klesskift me jentene hadde når me vart vekkhefte i bekken.



To av forfattarane for nokre år sidan, t.v. Frøydis, t.h. Anny

Vegstandaren var helst ring, det var ein kjerreveg over Heia til Sæbøvik, men så var det noko dei kalla storvegen som gjekk frå Høylandsbygd til Klosteret. Ikkje før me fekk oss sykklar i 9-årsalderen kunne me utforska heile denne vegen.

Sidan eg var den yngste av 8 sysken på Nygaard, var foreldra mine var «litt gamle» og hadde god tid til meg og mine funderingar. Det kjekkaste eg visste var når far fortalde historie og eventyr. Det var eventyr om huldra og risen i berget det blå, ein stad både Frøydis og eg visste kor var. Me var hellig overtydde om at trolla budde i Raunaberget (der det seinare vart steinbrot), for der hadde me hadde sett ein stor sprekk og eit lite hol som kunne vera inngangsdøra. Denne teorien la eg fram for far som tykte det høyrdes fornuftig ut, men han kunne ikkje seia om det verkeleg var slik

Ein gang då Frøydis og eg var i 4-årsalderen, skulle dei store brørne våre passa oss. Gutane var i 12–14-årsalderen og dei hadde andre ting føre, så dei gløynde

oss nokså snart. Vi jentene ville gå i skogen for å sjå om me kunne finna nøkken i ei kjelde som Frøydis visste om, og me la i veg og følgde både den eine og den andre stien. Best det var, fekk me sjå eit lite hus, og glade sprang me av garde. Men døra ville ikkje opp! Me visste råd og klauv opp på taket, og der kunne me sjå inn, for taket var rote. Flisene ramla ned, men me såg berre vatn, og dette forstod me ikkje. Før me kom til nokon konklusjon, vart me var ein mann som kom ropande at me skulle vera i ro, så skulle han ta oss ned. Han var streng i målet og formante oss om at dette måtte me aldri finna på meir. Me kunne ha drukna, for her var kjelda til fabrikkken på Sæbøvik. Dette var eit vonbrot for oss som var så sikre på at nøkken budde her. Dette var ein av mange spanande turar der me leita etter både nøkken og nissen, men det vert for langt å skriva om alle.

Skogen var spanande, og der var me lommekjende. Me var sjeldan redde for noko, men ein gong fekk me støkk i oss. Me høyrde ein merkeleg fuglelyd som me laut undersøkja, og me baska oss fram i ulendt terreng. Der, på ei lita myr, stod det ein orrhane som bruste med vengene, trampa med føtene medan han korla til ei orrhøne som tilsynelatande ikkje ensa han. Då han ville ta oss, sette me på sprang.

Sjøen og båten vart me tidleg fortrulege med. Alt i fireårsalderen kunne me ro med kvar si åra. Turar med robåt var noko av det kjekkaste me visste, men me laut halda oss rundt strendene så nokon vaksne kunne halda auga med oss. Då eg var i 12-årsalderen, kjøpte far ein robåt som skulle vera min, og denne båten kalla brørne mine for «Felo.» Litt seinare fekk båten segl av plastikkfrakkar som me styrde med ein talje, og med god bær vart Felo ein super seglbåt. Men segleturen var aldri lengre enn til Salsundsholmen, og oftast laut me ro heim att.

Bananar og tyggegummi. Anny fortel:

Bananar var for meg ei framand frukt, som eg i mitt sju-årige liv berre hadde lese og sunge om i songen «Når det kommer ein båt med bananer». Men så, før jul i 1949, kom ein av brørne mine, som var sjømann, heim med ein stor pose bananar som var kjøpte i København. Det var som eit lite under – bananen var god å halda i handa, og eg beundra fasongen, kunne ikkje tru det var sant. Smaken var himmelsk, berre synd me var så mange som skulle smaka, så posen vart snart tom.

Tyggegummi var ikkje kvardagskost på 40-talet, og han var ikkje å få kjøpa i forretningane på Halsnøy. Eg var svineheldig som hadde fleire brør som var sjømenn, og dei kom heim og hadde med øskjer med tyggegummi. Frøydis og eg togg og drog og bles store bobler. Me kasta sjeldan «tyggisane», som me sa. Men heime på loftet fann me ei glatt fjøl der me festa dei til kviling. Frøydis hadde sin plass på venstre sida og eg på høgre sida, for me skulle ikkje blanda ikkje tyggisane, må vita, å bruka den same kunne medføra smitte, me visste jo det. Tyggegummien på fjøla var kriselageret vårt. Når bror min var reist og øskja var tom, tok me oss berre ein tur på lemen og plukka ned ein brukt.

Seinare, då me var i 10–12-årsalderen, selde butikane tyggegummi, og det var fleire merke me kunne velja i. Dette var svært populært blant ungane, men helselaget på øya meinte noko anna. Dei bestemte at tyggegummi var helsefarleg, og måtte bekjempast. Dei fekk handelsmennene med seg, og tyggegummien vart vekke frå hyllene. Men me ungane fann oss snart ein utveg. Ferja som kom til øya om kvelden, selde godsakene. Då stilte ungane i samla tropp, raste om bord og kjøpte det me ville. Helselaget sin aksjon vart mislykka, for tyggegummien var nok komen for å bli.

Lokalsamfunnet. Arbeid, liv og røre

Anny fortel:

På Halsnøy var det godt å veksa opp. Eg hadde aldri forståing av at nokon hadde meir eller mindre ein andre, og det var ingen såkalla kondisjonerte på øya, verken lensmann, prest eller doktor. Difor var me alle dus. Det var to Fruer i min barndom, fru Jul, kona på Klostergarden, og fru Gundersen, stavangerdama, som var gift med formannen på Bjellandsfabrikken på Sæbøvik. Alle dei andre var Petro, Serino, Olga, Lisbeto eller Hanna Kristoffersen, som hadde kolonialbutikk på Sæbøvik. Ho selde også strikkegarn, tøy, sko og ferdigsydde klede. Dette var nok motebutikken på øya. Ikkje for det, «Landaen» hadde noko det same vareutvalet, men her kjøpte vi også parafin, bensin og olje til fiskebåtane, og butikken låg ved kaien. Så lyt eg nemna dei gode brøda til baker Tofte. Dei var så gode at var eg på brødhandel, lurde eg meg til å ta ein liten klyp av det ferske brødet sjølv om eg fekk tilsnakk når eg kom heim med uthola brød.

Frå Toftevangen ca. 1910.



På Halsnøy som mange andre stader blomstra småindustrien dei første 10 åra etter krigen. Heime på Nygaard vart det også livleg. I 1949 starta det steinbrot i Raunaberget, der Bergen hamnevesen tok ut stein til å byggja nye kaiar av. Utanom kaistein vart det hogge ut stein til bautasteinar og bruer. Brusteinane over elva i Rosendal kjem frå dette steinbrotet. No skjedde det mykje som to nysgjerrige jenter fann glede i. Der vart bygd kai og arbeidsbrakk, smeden hadde arbeidsplassen sin i brakka. Frøydis og eg hadde mange timar i smia. Smeden hadde eit eige lag til å fortelja om det han arbeidde med. Enno kan eg kjenna lukta det vert når borane vert herda og avkjølt i vatn. Og den raude heisekranen (eit lite hus med snabel) som gjekk på skinner var som eit eventyr for oss to som aldri hadde sett ein jernbane. Var me heldige, fekk me vera med i kranen, eg skal lova at då kitla det i magen.

Av og til kom det ein dykkar (kva han gjorde, hugsar eg ikkje no). Me jentene tykte han likna draugen. Det var nifst når jernhovuddrakta og mannen kom opp frå djupet, Og når han i tillegg gjorde seg til som han ville ta oss, og då vart opplevinga fenomenal.

Det var eit kvilerom i brakka der dei 13 arbeidarane åt nista si. Der var ein kjekk plass å vera for oss to jentene, då sat me musestille og lytta til kva karane snakka om. Ofte var det politikk, Gerhardsen var den store mannen. Kanskje var det her interessa for politikk vart sådd i oss.

Denne historia viser at då me vaks opp, deltok borna i det meste, og ikkje minst – dei vaksne hadde tid til å sjå og snakka med oss.

Grete fortel

Å vekse opp i ei lita bygd på Halsnøy i etterkrigstida var både godt og trygt, og Toftevåg var ei svært levande og aktiv bygd. Ein av dei eldste handelsstadane i Sunnhordland var den tid i full bruk, det var eigedomen

til Johannes Silseth. I dag står det lite att av det som ein gong var ein nydeleg gard med mange hus, og sjølv hovudhuset, som burde vore freda og teke vare på, er jevna med jorda. Kring 1950 var den eine enden av hovudhuset butikk. Else Skåluren var hushalderske hjå Silseth, eg trur dei begge var barnekjære, for dei var alltid snille med oss små, og det vanka ofte noko godt å putte i munnen. Noko som var svært stort for oss born, var juleselskapa dei heldt. Me fekk bruke alle stovene, og det vanka mykje godsaker, noko etterkrigsborn ikkje var utskjemde med til dagleg. Og tenk: dei hadde og ein juletreffot som gjekk rundt medan han spela julesongar! Sjølv var eg overtydd om at denne var laga av puraste sølv, og var meir enn imponert over slik velstand.

Like ut på kanten av denne garden låg «Fabrikken» som me kalle den til dagleg. Det var Stavanger Preserving sin hermetikkfabrikk, og der var det stor aktivitet heile året. Sesongane varierte etter kva type råstoff som var tilgjengeleg, men det var alltid bruk for mange hender for å få råstoffet produsert raskt og effektivt, for slik å oppnå høgast mogleg kvalitet. Eg minnest arbeidsbussen som kom frå både Høylandsbygd og frå «Utøyo» Kloster. Arbeidstakarane var for det meste jenter og koner, men også nokre menn. Kvar morgon kom det óg båt frå Sandvoll med arbeidsfolk til Fabrikken, unge jenter og gutar i blanding med vaksne og eldre.

Eg trur nok at dei fleste som vaks opp kan hugse at pengar til konfirmasjonsklede, ja, dei tente me sjølv i fabrikk, og tykte det var stor stas. Det var sikkert ikkje like enkelt alltid, å kome opp grytidleg for å vere på plass til klokka sju om morgonen for oss ungdomar, men eg kan ikkje hugse anna enn at det var eit triveleg miljø og mykje moro blant både unge og eldre.

Disponenten på Fabrikken, Johannes Fjelland, må ha vore ein framsynt mann, for eg minnest at han fekk laga til barnehage i «Madamhuset». Dette huset var også i eiga til Stavanger Preserving. Kvifor det var kalla med

dette namnet, veit eg ikkje, men huset blei og brukt til husly for m.a. bestyrerinna på fabrikk. Eg trur at dette med barnehage var for å få nok arbeidskraft, å gå frå små ungar for å gå i arbeid var nok like vanskeleg den tid som i dag.

På «Tippehuset», som var hybelhus for jenter frå andre stader i regionen, gjekk dei lokale gutane på «fri-ing». Det vart difor til at jenter som kanskje berre skulle arbeide på fabrikk ein sesong og to, vart gifte og buande på Halsnøy heile sitt liv.

Men Toftevåg var meir enn dette. Me hadde eigen postekspedisjon og postmann. Nils Tofte var postmann med kontor og postboksar i kjellarhøgda på huset sitt. Posten kom med bussen om kvelden i halvåttetida,

Då samlast både unge og gamle medan «Nilsen» las og fordelte posten i lukene. Det var benkar å sitje på i rommet der postlukene var, og der kunne me ungene få høyre mange gode historier dersom «gamlekarane» vart ivrige i praten, og gløymde at små gryter også har øyrer.

I huset ved sida av «Posten» budde bror til Nils Tofte, Andreas, som dreiv butikk og var dampskipsekspeditør. Andreas Tofte var ein driftig kar og i tillegg til butikken dreiv han bakeri med eigen tilsett bakar. Han sette og opp ein minkfarm nokså midt oppe i nabolaget, men denne vart ikkje så populær i nærmiljøet grunna den mildt sagt spesielle lukta som følgde med. Farmen vart etter ei tid flytta eit godt stykke nord i skogen. Andreas Tofte og kona Margit fekk ingen etter seg, men dei var svært snille med oss borna som vaks opp rundt dei. Eg kan ennå kjenne den brusande gleda frå jonsokaftan som vart feira med bål i stranda, og me alle på forunderleg vis vann ei flaske raud brus og noko lite anna godt. Bak denne «tryllekunsten» var det nok Andreas som var bas. Den fyrste og mest fantastiske julegate eg nokon sinne har opplevd, må vere den som den same Andreas laga mellom huset sitt og ei sjøbu. Det må ha vore kring 1952. Girlander, glitter og lyspærer, og under over alle

under – det strøymde julemusikk ut frå andre høgda på butikken der dei hadde husværet sitt.

I min første barndom dreiv far min, Johannes G. Tofte, Toftevåg Treindustri med produksjon av glas og dørar. Og kring 1959 eller 1960 blei det sett i gong livbåtproduksjon i plast med mykje aktivitet. Dette var eit underbruk av Gerhard Skåla sin fabrikk i Rosendal.

I min barndom budde det og folk i Lauvøya. Dei rodde som regel til Toftevågen for å handla ein gong i veka. Gabriel Breievne var ein av dei som me borna tykte var svært så spesiell og rar fordi han hadde ein sterk personleg måte å både uttrykkje seg og te seg på.

Lars og Larsina var eit syskenpar som og budde i Lauvøya. Dei brukte ofte kome innom til mor mi for å drikka ein kaffikopp før dei rodde heim att etter handleturen sin.

Det kan nok henda at det den gongen budde ein del personar som me i dag ville hatt til moro, men me born blei opplærde til å vise vaksne folk vyrndad, og dermed basta. At folk hadde sin eigenart, skulle respekterast. Det ein var utstyrd med frå naturen si side fekk me berre akseptera. Dette trur eg var ei sunn oppseding.

Fantane kjem

Anny fortel

Fantane kjem! Det gjekk som eld i tørt gras, me ungane sprang alt me kunne til kaien på Larsstø. «Nysgjerrigkomiteen» stod klar då dei fem–seks nedslitne skøytena la til kai. Det var noko heilt spesielt med dette, kanskje eksotisk er eit betre ord? Og sant å seia lukta me dei ofte på lang avstand: Ei blanding av, olje røyk, mat, tobakk og uvaska klede. I båtane var det gjerne rikeleg av hundar og mange småungar (ikkje visste eg då at born i skulealder vart sende på internatskular av styresmaktene). Konene var fargerike, og hadde lag på lag med klede. Eg kan ikkje minnst at me såg på fantane som nokon stak-

karar, heller som menneskje som hadde ein anna leve-måte enn oss. Mennene laga og reparerte takrenner og forskjellig, medan konene gjekk frå hus til hus og selde mange spennande ting, ja, og så tigga dei litt. Om dette gjekk det fleire historier som denne frå Sæbø der hadde dei handla, og i det fantekona var på veg ut spurde ho med fin røyst «Gode kone, du skulle vel ikkje ha eit stykke flekk til overs»? Husfrua hadde ikkje flekk og sa dette. Då snudde fantekona seg i døra letta på stakken og sa «Kyss meg i ræva». På ryggen hadde ho ein liten gut som tykte han måtte støtta mor si, så han ropte ut «mekk og».

Grete fortel:

I Toftevåg hadde me eit sikkert vårteikn: Fantane! Dei kom i små skøyter, og la seg alltid til i Norevågen. Me borna tykte dette var særst spanande og la oss sjølvsagt på lur bak ein steingard for å følgja med i deira gjeremål. Fantane gjekk rundt og selde diverse blekkslagararbeid, og dei dreiv litt bytehandel og slikt for slag. Eg hugsar at bestemor mi ikkje alltid var like begeistra for dette nabo-laget, men det gjekk stort sett godt.

Eit minne har eg om han dei kalla Sanderen. Han trong hjelp fordi ein person i fylgjet hans i båten var død. Sanderen kom til far min og ba om hjelp til dei ulike oppgåvene, og hjelp fekk han. Til mor sin store forskrekkelse rekvirerte far min kveldsmat på bordet til den stakkars mannen, papirarbeidet fekk vere til etterpå. Mor mi var særst gjestfri, så det var ikkje maten ho var redd for, heller at å seia at karen var nybada, ville vere ei stor overdriving. Maten kom på bordet likevel, og det som ikkje kan beskrivast med ord er gleda til denne mannen som vart møtt med vørndnad og ivareteken som ein kjær gjest, i ei for han sår og vond stund.



2. og 3. klasse ved Tofte skule 1950.

Skuletida

Judit fortel

Å byrja på skulen var ei svært positiv hending. I skulen hadde me det kjekt, og me opplevde ikkje prestasjonsangst, sjølv om gode karakterar var verd å streva litt for. Me gjekk på skulen annankvar dag, men jammen lærde me ein god del norsk, historie og rekning. Bibelsoga var ikkje minst viktig, og ho måtte me læra utanåt. Me sto som lys attmed pulten med folda hender og ramsa opp så ordrett me berre makta. Om me forstod det me ramsa opp, var det visst ingen som var interesserte i. Å leika i fristundene var nok høgdepunkta i skuledagen – for dei som ikkje vart mobba. For mobbing fanst det så visst den gongen og. Det skulle vore interessant å snakka med eit par av offera eg minnest best om korleis dei minnest skuletida si.

Fru Bjelland var lærarinna vår dei tre første åra, og dette førde nok til positive haldningar til skulen for mange av oss. Ei stor hending i 1948–49 var då det vart det samla inn til blyantkvessar i fru Bjelland sine klassar: Nokre småpengar frå kvar elev, og der sto vedunderet. Me gjekk fint fram til fru Bjelland og ho kvesste for kvar og ein. Kvesaren sto på kateteret, men ingen dreiv hærverk på han.

Margarita og Bjarne Bjelland dreiv barne- og ungdomsarbeid av ymse slag i bygda, og eg hugsar dei begge som svært positive menneske. Me laga skulesong til Tofte skule på denne tida, og truleg var ekteparet Bjelland som drivkrafta denne gongen og.

Endå om statistikkane seier noko anna, hugsar eg vintrar med ski og skeiser. Utstyret var ikkje alltid moderne, men me brukte det me hadde. Skuleturane gjekk oftast til Fjellandsvatnet, der var det tjukk og trygg is. Eg hugsar også fritimane med «skreiing» i Sæbviksbrekko. Bilane var ingen trussel den gongen, men me skaffa oss hjerneristing og beinbrot på andre måtar. Me kolliderte med kvarandre, rusa i stabbesteinar, og det som var av fjellveggar. Men eg hugsar ikkje at nokon skamfor seg alvorleg.

Det var ikkje mykje oppmuntring og framtidsvisjonar om kva ein kunne utdanna seg til på dagsorden i den skulen eg kan minnst. Rekning med bokstavar var gresk for meg, heilt til eg i godt vaksen alder fekk gå på vaksenopplæring. Slik var det nok for mange.

Ei slags helseteneste var komen på plass for skuleborna på denne tida. Årleg vart me sjekka av lege, det vart teke pirquetprøve, lytta på lungene og me vart vegne og mælte. Me fekk koppevaksine og vaksine mot tuberkulose, og dei aller fleste vaks opp, nett som no. Tannlege hadde me og. Første gongen var me i Valen, men rundt 1950 fekk me tannlege på Halsnøy. Eg trur han heitte Frost, i alle høve var det «frost» på hans kontor.

Ungdomstid

Judith fortel

Det å verta konfirmert var ei stor hending, for konfirmasjonen var inngangsbilletten til den vaksne verda. Me var og så heldige at disponenten på hermetikkfabrikken i Toftevåg gav oss lov å arbeida, endå me ikkje var fylt 15 år. Og pengane kom me tente nok ofte godt med når utstyret skulle kjøpast, eller det var andre ting me ønskte å skaffa oss.

Etter konfirmasjonen var det fritt fram for å gå «Bromlo». Ungdomshuset på Halsnøy heitte så på den tid. I nye ulsterkåper og ditto taftkjolar med tilbehør, var me nok litt av eit syn. Me benka oss rundt veggane og venta på å bli bydde opp til dans. Det å sitja veggpyrd fekk vel meir enn ein erfara, men på golvet trur eg at me var dei første tenåringane som fekk dansa etter rockemusikken, som kom til Halsnøy kring 1955. Dei som hadde lyst til å vera inne og dansa, men som ikkje våga, gjekk gjerne utanfor Bromlehuset der det var høve til å få seg ein støyt. Motet steig gjerne litt då. Og musikken var enkel: Ein spelemann drog trekkspelet i mange timar.

Å reisa til Friheim på dans var stas, og der føregjekk alt etter same leisten som heime i Bromlo. Oftast kom me oss til Friheim ved at einkvan i gjengen hadde båt og dermed hadde me skyss. Foreldra låg nok då som no 10 cm over madrassen til alle var trygt heime. Me var nok flinke med, og i båt, for aldri hørde me om uhell av noko alvorleg slag.

Bedehuskulturen

Judit fortel

I 50-åra på Halsnøy var det «vekkelse» i regi av bedehuset. Dei meinte det nok godt, dei som talte og elles føre-

drog på desse møta. Det var ikkje uvanleg at me unge først var på møte i bedehuset, for så å gå i Bromlo etterpå. I dag er det meir vasstette skott mellom desse kulturanane. På 50-talet var det fleire generasjonar til stades på dansane og på møta på bedehusa. Dette var positivt, så langt eg i dag kan forstå.

På bedehusa hadde dei ulike misjonane sine årlege basarar, og kvar misjon hadde egne emissærar. Det var mykje song og musikk på desse tilsteiningane, og i dag er eg klår over at det var songen og musikken eg likte best. Predikantane preikte og fortalde frå sine misjonsmarker, men i alle fall ikkje eg forstod Alvoret i alt det dei fortalde. I ein alder frå 7–8 til 10–12 år, kan det vel henda det var fleire enn eg som oppfatta bodskapen noko annleis enn dei som fortalde såg for seg. Filmar frå Afrika var svært populære, apekattar var alle tiders, og det var det spanande å høyra om «heidningane». Inne i mitt hovud var desse apekattane og heidningane mykje like. Men som sagt, eg trur dei meinte det vel godt, dei som preikte og forklarte.

Arbeid og utdanning

Judit fortel

På 50-talet var det rikeleg med arbeid også for ufaglærde, og difor var det berre å starta opp på jobb etter konfirmasjonen. Likevel var det vanleg å gå på framhaldsskule, og slik fekk dei fleste av oss åtte års grunnskule. Mange tok nok høgare utdanning den tid og, men real-skule eller gymnas utan å bu på hybel var umogleg for oss på Halsnøy. Slik vart det kvar enkelt heim sin økonomi som avgjorde ein heil del, for ikkje å seia det meste. På Halsnøy Folkehøgskule hadde me husstellære. At det var langt å gå frå Toftevåg til Halsnøy Kloster, tekte korkje me eller andre på, og difor gjekk det heilt fint. Bygdekinoen var også der ute, og me gjekk gjerne dit óg. Samfunnet rundt oss var i rask utvikling på

denne tida, og frå 13–14 års alderen var me nokre, spesielt Anny Nygaard og eg, som var på alle allmannamøte og liknande. På denne måten, og i heimane våre lenge før det, vart vårt engasjement for samfunnet rundt oss vekt. Me trur at det å vera barn og ung på Halsnøy i 40- og 50-åra gav oss god ballast og sunt folkevit for livet seinare.

Frå Johannes Lund si samling:

Bryllaup

Regn i kruna varsla rikdom.

Brydlaupsgjestene fekk stomp då dei gjekk til kyrkje og kom att, sodd i 5–6 tida, fisk, lefsa og dravle til kvelds. Dei måtte gå i skåla i slutten av bryllaupet. Om kvelden bryllaupsdagen skifte brura bunad, kruna vart bytt med skaut. I gamal tid varde bryllaupet 4–5 dagar, seinare 2–3.

Øve innverknad på den andre

Jenta kunne vekkja kjærleik hos guten. Dette var serleg lagleg for seterjenter. Dei skulle la det renna blod (frå ein finger) ned i ei tromma, til dømes når guten åt rjomekolla eller graut. Åt han blodet, så vekte det kjærleik.

Forlovaren – «belamannen» – var ein gamal påliteleg mann med vørdnad. Klokkar-Lars i Åkerfjorden var belamann. Han hadde oftast ein sekk grynmjøl for kvart samband han fekk i stand.

Ein gong var han hos ei jente og spurde for ein gut. Guten stod ute og venta. Lars bar fram ærendet sitt, og så sa han til slutt: «Men da æ ein trave, du må'kje ta'an». Dette høyrde ikkje guten, og han blei nok ikkje blid

Verksemder i Kvinnherad ca. 1950

JORUNN TOSKEDAL

Visste du at for 50 år sidan fanst det ein lampefabrikk på Sunde som sysselsette 12 personar? Eller ein målingsfabrikk i Rosendal? Kva med ein treskofabrikk i Dimmelsvik med fem tilsette? For ikkje å snakka om ein møbelfabrikk på Varaldsøy, som leverte møblar utover heile landet?

Kring 1950 finn vi eit blomstarande handels- og næringsliv i Kvinnherad. I skriftet «Det norske næringsliv – Hordaland fylkesleksikon» finn vi ei oversikt over flesteparten av dei verksemdene som var etablerte her i kommunen på denne tida. Og dette er interessant lesnad. Heile 160 verksemder frå Kvinnherad er registrerte i denne oversikta. Her er tal frå våre bygder i tidlegare Varaldsøy, Fjelberg og Skånevik kommunar også tekne med. Det vi legg merke til, er

Endra samfunnsstruktur:

I «Hordaland fylkesleksikon», er det registrert berre to verksemder på Husnes, medan det er heile 25 på Sunde. Vi merkjer oss at dette er før SørNorge Aluminium etablerte verksemda si på Husnes.

Rosendal har heile 35 registrerte verksemdar, på Seimsfoss 5 og i Dimmelsvik 12. Tyngdepunktet i folkesetnaden må såleis ha endra seg nokså mykje i desse åra.

Meir spesialisering, men også «alt på ein stad»

I dag kan vi kjøpa alle matvarene vi treng i ein og same butikk. For 50 år sidan fanst det eigne butikkar for mjølk, kjøt og brødvare. I 1950 var det t.d. minst 10 bakeri i kommunen, i kvar ei bygd var det minst ein landhandel, som forutan matvarer også selde klede, stoff og garn, sko, steintøy, glas, jernvarer, såkorn og kunstgjødsel. I ei bygd som Uskedalen var det t.d. 3 landhandlar. Her i denne oversikta er det registeret 42 landhandlar i kommunen.

Skipsbygging

Knut Skåla fortel om den rike tradisjonen fartybygging har i kommunen vår, og mange av desse verksemdene er å finna i registeret. I ei lita bygd som Løfallstrand er det t. d. registrert fire båtbyggjarverksemdar, det same talet gjeld også for Hatlestrand.

Handverk og småindustri

Det var ulike verkstader i dei fleste bygder, så som snikkarverkstader, skomakarverkstader som både produserte og reparerte sko, smier og mekaniske verkstader. Av større fabrikkar kan nemnast «Atelier» lampefabrikk på Sunde, hermetikkfabrikkar på Sunde, i Toftevågen, Herøysundet og Uskedalen, ullvarefabrikk i Rosendal og på Seimsfoss, Indigo målingsfabrikk i Rosendal, møbel-fabrikk på Varaldsøy og steinbrot i Toftevågen, i tillegg til dei større skipsverfta i Høylandsbygd, Uskedalen og Rosendal.

Her kjem ei oversikt over verksemder i Kvinnherad, registrerte i «Det norske næringsliv – Hordaland fylkesleksikon»

Dimmelsvik, 12 verksemder

Sigurd Fedt

Bakeri.

B. Hannisdal & Co, skipa 1882

Smed. Sykkel- og bilverkstad. Sal av deler til bilar og sykklar, sanitærutstyr, olje og bensin. 5 tilsette.

Johannes Hauge, skipa 1925

Smed. Reparasjonar av motorar, landbruksmaskiner, bilar og sykklar.

Jens Mads Hjelmeland Trevareverkstad, skipa 1940

Produksjon av kjøkeninnreing og møblar, byggeforretning. Treskjerjing og rosemåling.

J. Hjelmeland & søner, skipa 1936,

Alt i treskjeringsarbeid, dekorasjon og rosemåling: Lampar, lysekroner, peispustarar m.m. 5 tilsette. Spesialitet: Lysekroner.

Meidells enke, skipa 1849

Landhandel med sal av kolonial- og jernvarer, steintøy, kunstgjødning og kraftfôr. Ekspeditør for HSD.

Nedrevågs møbelverkstad, skipa

Inneh.: Lars Nedrevåg. Møblar i moderne stilartar til soverom og spisestover, utført i trekvitt, polert og bona trevyrke. 4 tilsette.

Omvikdalen samyrkelag

Styrar: Olav Bjelland. Landhandel med sal av kolonial- og jernvarer, steintøy, manufaktur, kunstgjødning og kraftfôr. 2 tilsette.

Sandvik Sanddrift, skipa 1935

Inneh.: O. Fretheim Olsen. Uttak, transport, sortering og vasking av sand. Utvinning av ulike typar pukk, singel, grus og sand. 3–6 tilsette.

Alfhild Thunold, skipa 1933

Sal av manufaktur. Seinare også landhandel.

Treskofabrikken, skipa 1911

Inneh.: S. Albrethson. Produksjon av tresko. 5 tilsette.

Sigurd S Tvedt bakeri

Produksjon av alle sortar brød og kaker.

Hatlestrand, 7 verksemder

E. Boland

Inneh.: Erik Boland. Detaljhandel av kolonialvarer, for, gjødning, jernvarer. manufaktur – og kortevarer.

Johs. Djuvsland

Inneh.: Kristian Djuvsland. Bakeri. Produksjon av brød og kaker for eige utsal og for levering til handelsmenn i distriktet.

J. Egeland

Inneh.: Johs. Egeland. Ass. landhandel, post. Ekspedisjon for HSD på Gjermundshamn.

Gjerde skipsbyggeri, skipa 1908

Inneh.: Bård Gjerde. Nybygging og reparasjon av trebåtar.

Ingolf Gjerde båtbyggjeri, skipa 1938

Nybygging og reparasjon av fiskebåtar og lystfartøy

Hauges båtbyggjeri

Nybygging av færingar, livbåtar og motorbåtar 20–30 fot.

Helge A. Lie, skipa 1933

Skipsbyggeri. Nybygging og reparasjon av trebåtar 30–80 fot. Motordrive sagbruk. 12 tilsette.

Rosendal, 35 verksemder

Arnesen, K

Bakeri

Bjørke Båtbyggjeri

Inneh.: Gerhard Bjørke Skåla. Bygging av livbåt ar, bruksbåtar og lystfartøy i tre og metall opptil 40 fot for kundar i sør-Noreg. 5–10 tilsette.

Magne Eikeland, skipa 1937

Dame- og herreskredderi. 3 tilsette.

G. Guddal, skipa 1894

Inneh.: Joh. Guddal. Landhandel, manufaktur og landbruksvarer. Ekspedisjon for HSD 4 tilsette.

Ester Haugland frisørsalong, skipa 1933

Dame- og herrefrisør, brurepynting, farging av hår.

Indigo Pakkfargefabrikk, skipa 1907

Inneh.: O.A. Neraal. Framstiller fargar for heimefarging av ulike typar tekstilvarer og garn. Omsetnad til grossist og til farge- og landhandlarar over heile landet. Fabrikken har fått fleire utmerkingar. Kapasitet: 3–4 mill. fargepakker pr. år. 16 tilsette.

Jensens pensjonat

Mottaking av gjester for lengre eller kortare tid-

Kvinnherad bok & papir, skipa 1934

Inneh.: Johs. B. Vik. Omsetnad av bøker, papirvarer og skulesaker-

Kvinnherad Gjensidige brannforsikring, skipa 1870

Styreform.: Lars P. Seglem. Forsikring av bygningar og lausøyre i landdistrikta i Hordaland og Rogaland-

Kvinnherad Sparebank, skipa 1928

Dir.: L. Eikeland. Forvaltningskapital 31.12.1950.
10 086 413,05.

Kvinnherad Ullvarefabrikk A/S, skipa 1896

Disponent: Olav Omdal. Produksjon av strikkegarn, strechgarn og kamgarnsvarer. 35 tilsette.

J. Mehl, skipa 1938

Urmakar. Sal og reparasjon av klokker og grammofonar.

Kristian Mehl, skipa 1936

Byggeforretning.

Edvard Neraal, skipa 1937

Tekstilkjemi. Framstilling av kjemiske produkt til tekstilindustrien: Spinnolje, sålar, apparatur, rensel og vas-kemiddel.

Johs L. Ness, skipa 1887

Inneh.: Ragnvald Ness og Anton J. Nygaard.
Landhandel med sal av kolonial- og feitevarer, steintøy og kjøkenutstyr, skotøy og manufakturvarer. Sal av bakar- og konditorvarer.

Rosendal elektrisitetsverk, skipa 1914

Yteevne: 163 K, 460 volt. 125 abonnentar. «Alt utsolgt».

Rosendal Elektriske A/S, skipa 1941

Inneh.: Johs. Helvik. Utfører alle typar elektriske installasjonar og forhandlar ulike typar elektrisk materiell.

Rosendal Fargehandel, skipa 1946

Inneh.: Kr. Bruåsdal. Sal av målarvarer, målarrekvisita og tapet.

Rosendal frukt og tobakksforretning, skipa 1928

Inneh.: Erik og Kristian Gj. Skaale. Sal av frukt, grøn-saker og tobakksvarer. Sal av garn og fiskereiskap.

Rosendal Hotell, skipa 1891

Inneh.: Johs. S. Skåla. Heilårs hotelldrift.

Rosendal Konfeksjonsfabrikk, skipa 1949

Inneh.: Kristian Haugland. Framstilling av barne- og herrekonfeksjon. Kundekrins. Vestlandet, Sørlandet og Nord-Noreg. 15–20 tilsette.

Rosendal Kjøttforretning

Inneh.: Sigurd Bjørke og Helge Guddal. Kjøt- og pølsemarforretning.

Rosendal Manufaktur, skipa 1930

Inneh.: W. Lagergren. Manufakturhandel, sal av kosmetikk og kortevarer.

Rosendal mek. verkstad

Inneh.: S. Hatteberg og T. Naterstad. Utfører skipsbeslag, rekkverk, oljetankar, keisingar og reparasjonsarbeid.

Rosendal mjølkelag, skipa 1930

Styrar: Kårhild Hellestveit. Mottakarstasjon for mjølk til Bergensmeieriet. Sal av mjølk og meieriprodukt

Rosendal møbelsnekkeri L/L, skipa 1926

Driftsstyrar: Erling Malmanger. Møbelproduksjon , treskjering. Tidsmessige maskiner, teiknekontor.

Rosendal Salslag, skipa 1939

Styrar: Birger Malmanger. Handel med kjøt og fisk, Slakting og eksport av kjøt. Fiskematkjøkken. Oppkjøp av huder og skinn.

Rosendal Samyrkelag, skipa 1936

Styrar: T. Kvamsøy. Landhandel med sal av kolonial- og jernvarer, steintøy, manufaktur og pairvarer, kunstgjødning og kraftfôr.

E. Røvde

Fotograf. Atelier for portrettfotografering, amatørarbeid og forstørringar. Utefotografering.

Johs. Seim

Skomakar.

Gudrun Skaale, skipa 1940

Frisørsalong. 2 tilsette.

M. Skaale, skipa 1921

Landhandel.

Skålurens skipsbyggeri, skipa 1872

Bygging og reparasjon av motorbåtar, seglkuttarar, fiskebåtar. Eige sagbruk. Ca. 35 tilsette.

M & R Storekre, skipa 1913

Dameskredderi.

Johanna Sundal, skipa 1931

Manufakturforretning.

Johs. Øvrehus skotøyforretning, skipa 1922

Sal og reparasjon av ulike typar skotøy.

Sunde, 25 verksemder

Atelier Norske lampar

Inneh.: Torgeir Døssland. Produksjon av lampar i tre og metall. Sal til engroskundar over heile landet. 12 tilsette.

Husnes mjølkelag, skipa 1928

Andelslag, tilslutta Bergensmeieriet. Formann: Knut Grønstøl. Tek imot mjølk frå leverandørar mellom Herøysundet og Utåker, skipa 125 i talet, leverer mjølk til Bergensmeieriet, Valen sjukehus og for sal på staden. Meierske og hjelpar.

Hans Frugaard

Bakeri.

Hanna Gravdal, skipa 1918

Sal av manufakturvarer, skotøy, korteverar og kolonialvarer.

Husnes yrkesskule

Andreas Hope

Landhandel og bakeri. Landhandel, landmannsvarer. Bakeri for produksjon av brød og kaker.

Gravdals skipsbyggeri & trelastforretning, skipa 1855

Inneh.: Hallvard og Herman Gravdal. Magnus Aksnes. Bygging av motorbåtskrog inntil 130 fot til fiskebåtar, ferjer og passasjerbåtar, m.a. «Johan Hjort», «Elieser V» innan- og utanlands. Reparasjonar. Trelastlager og –sal.

Haktorsen L/L Landhandel

Inneh.: Berta Haktorsen. Landhandel.

Olav Handeland

Slakteri, pølsemakeri, røykeri. Kjøp av huder og skinn.

Andr. Kaldestad etterf. A/S, skipa 1925

Styrar: Kaja Kaldestad. Kolonial-, manufaktur-, steintøy- jern- og forvarehandel.

Leif Olderkjerr Bakeri, skipa 1950

Bakeri og konditori for sal og levering til andre forretningar.

Olsen & Røssland Slakteriforretning, skipa 1935

Omsetning av jordbruksprodukt, formidling av livdyr, pølsemakeri og påleggsfabrikk. Kjøp og sal av fisk og sild. Røykeri. 2–3 tilsette.

Arthur Opsanger Skipsbyggeri, skipa 1939,

Framstilling og reparasjon av fiskebåtar, snekker, livbåtar og turbåtar. Kundekrins over heile landet. Inntil 15 tilsette.

Opsanger Mølle. Svært gamal. ombygd 1930

Styrar: Hallvard Kleiberg. Moderne bygdemølle for distriktet og for Statens Kornforretning. Eige sagbruk. 2 tilsette.

Røyrvik Manufaktur

Inneh.: Magda Røyrvik. Manufakturhandel.

Øyvind Røyrvik Snikkarverkstad, skipa 1942

Produksjon av lysarmatur og kompletteringsmøblar.

Sjøli Båtbyggjeri

Byggjer alle typar fiske- tur og lystbåtar.

Sunde samyrkelag, skipa 1913

Styrar: Johs. Tjelle. Omsetnad av kolonialvarer, forvarer, gjødsel, manufaktur, skotøy, jernvarer og steintøy. 110 medlemmer. 4 tilsette.

Sunde Utstyr L/L

Styrar: Ester Bjelland. Sal av elektrisk artiklar og kjøkenutstyr.

G. Bjelland Thorkelsen, skipa 1907

Ass. landhandel. Kommissær for Det Norske Pengelotteri, Kvinnherad ullvarefabrikk. Ombodsmann for Kvinnherad sparebank.

P. Totland bakeri, skipa 1916

Framstilling og sal av alle typar bakverk. Leveranse av brødvare til handelsmenn i distriktet. 3–4 tilsette.

Lars Tveit Båtbyggjeri

Båt- og skipsbyggeri.

T. Tveit Urmakarforretning, skipa 1926

Reparasjon og sal av lomme- og armbandsur, vegg-, vekkjar- og kaminur. Sal og reparasjon av sykklar og sykkeldele. Agentur for Sarpsborg Elektriske Fabrikker, Sefa AS. 3–4 tilsette.

Utåker–Rosendal billag

Disponent: Bjarne Thorsen, Selskapet trafikkerer strekningen Utåker – Løfallstrand med 3 bussar, i alt 65 km. Autoreparasjonsverkstad, bensinstasjon. 4 tilsette.

Ølve, 3 verksemder

Berge H. H.

Landhandel.

Isak Dahle

Ass. Landhandel. Dampskipekspedisjon for HSD.

Jens O. Nerhus Skipsbyggeri, skipa 1909

Produksjon og reparasjon av fiskefartøy og andre trebåtar 25–90 fot.

Trygve Haugland Landhandel og transportforretning, skipa 193

Velass. landhandel, bensinstasjon, bildelar, transportte-
nester med båt og lastebil.

P. Tufta

Assortert landhandel og bakeri.

Uskedalen, 12 verksemder

Bjelland Skomakarverkstad

Innehavar: Adolf Bjelland. Skomakararbeid med topp
moderne maskinutstyr. 1 tilsett.

Ivar Bringedal, skipa 1920

Ass. Landhandel, handel med fisk, kjøt og grønsaker,
fiskematproduksjon, pølsemakeri, røykeri. Fiskebiltrute
for Kvinnherad og omegn. Bensinstasjon, kjøp og sal
av huder og skinn.

Eidsvik Båtbyggeri

Skipa: 1920 på Snilstveit. Flytta til Uskedalen 1941.
Nybygging, reparasjon og ombygging av fiskebåtar inn-
til 95 fot. 10–12 tilsette v/full drift.

Jacobine Haugland

manufaktur- og landhandel.

Hermetikkfabrikken «Hardanger», skipa 1895

Eigar: Bergen Preserving Co A/S. Styrar: Gunnar Flatebø. Nedlegging av brisling og sild i tomat og olje. Pakking av frukt. Kan pakka 300–400 skjepper brisling på ein dag, 120 tilsette.

Jacob Myklebust

Skredderi. «Syr alt for damer og herrar».

M. Myklebust

Landhandel, dampskipsekspedisjon.

H. Sætre, skipa 1935

Bakeri og konditori.

Uskedalen Dampbakeri, skipa 1919

Inneh.: Odd Myklebust. Produksjon av brød og kaker for eige utsal og for leveranse til handelsmenn i distriktet.

Uskedalen Handelsforretning

Inneh.: Sigurd Arnesen. Kolonial, manufaktur, jernvarer, skotøy, isenkram mjøl og forvarer. Bensinstasjon og oljelager. Telestasjon og dampskipsekspedisjon.

Uskedalen Samyrkelag, skipa 1928

Styrar: N. Kolltveit. Kolonial, manufaktur, jernvarer, skotøy, isenkram såkorn og forvarer. Sement og bensintank.

Uskedalen Trelastlager, skipa 1929

Inneh.: T. S. Myklebust. Komplette lager av alle slags trevare- og bygningsartiklar.

Snilstveitøy, 1 verksemd

Gjert Eidsvik Treskipsverft, skipa 1909

Innehavar: Gjert Eidsvik. Sagbruk, fabrikkasjon av frukt- og meieriemballasje, fiske- og sildekasser og trenaglar, som vart selde over heile Vestlandet.

Enæs, 3 verksmeder

Selmer Enæs, skipa 1909

Sagbruk. Produksjon av frukt- og meieriemballasje, fisk- og sildekasser og tønner. Trenaglar. 3–7 tilsette.

Samson Nerhus, skipa 1845

Inneh.: Olav Nerhus. Landhandel, damskipsekspedisjon, postopneri og telefonstasjon.

Andreas Svoldal, skipa 1907

Bygging av karavellbåtar for fiske.

Herøysundet, 2 verksemdar

Fjeldheim Landhandel

Innehavar: Klara Myklebust. Verksemd: Assortert landhandel, tek i mot gardsprodukt for sal.

Helge Helvik, skipa 1923

Skipshandel, damskipsekspedisjon.

Mauranger, 1 verksemd

H. E. Gausvik, skipa 1876

Innehavar: Hanna Gausvik. Kolonial-manufaktur, isenkram og jernvarehandel. Oljelager. Dampskipsekspedisjon og off. telefonsentral.

Seimsfoss, fem verksemder

Anton Høyland, skipa 1933

Assortert landhandel.

Kvinnherad Meieri, skipa 1893

Kasserar: Lars P. Seglem. Meierske: Kari Reisetser.
Produksjon av smør og gamalost for eksport, mottaking og omsetnad av mjølk. Samarbeid med Bergensmeieriet.

Kvinnherad Sparebank, skipa 1928

Dir.: L. Eikeland. Forvaltningskapital 31.12.1950:
10 086 413,05.

Kvinnherad Ullvarefabrikk A/S, skipa 1896

Disponent: Olav Omdal. Produksjon av strikkegarn, strechgarn og kamgarnsvarer. 35 tilsette.

Jens Skaale, skipa 1896

Ass. landhandel, bakeri, postopneri, rikstalestasjon, dampskipsekspedisjon. 3–4 tilsetter.

Husnes, 2 verksemder

Fridtjof Larsen Planteskule, skipa 1912

Planteskule, staudegartneri: Ca. 75.000 plantar fordelt på 100 artar. Spesialitet: Prydbusker og steinbedplantar. Gartnararbeid.

K. Øvrevik Ass. landhandel, skipa 1935

Kolonial-manufaktur, isenkram og jernvarehandel. Forvarer. 2 tilsette.

Vikane, 1 verksemd

Thor H. Lønning, skipa 1923

Landhandel.

Løfallstrand, 6 verksemder

Løfall, Johs. Landhandel

Vanleg ass. landhandel.

Løfall, Edv.

Skipsbyggeri.

Johan Pile, skipa 1916

Båtbyggeri. Nybygg av fiske – og fraktfartøy inntil 90 fot. Slippsetjing av fartøy inntil 70 fot.

Gustav Sætre, skipa 1935

Møbelverkstad. Produksjon av møblar, trapper, vindauger. Bygging av hus.

John Vevik Skipsbyggeri

Nybygg og reparasjon trefartøy, varpsnelle, keising, lukearm, nedgangskappe, vass- og oljetank mm. Arbeid i tre og jern. Slipp for fartøy inntil 80 fot.

Brødrene Veviks båtbyggeri

Nybygg og reparasjon. Slipp for båtar opptil 70 fot.

Nordrepollen, 1 verksemd

O. Øyre, skipa 1908

Landhandel med omsetjing av kolonial, manufaktur og jernvarehandel. Dampskipsekspedisjon og off. telefon-sentral. Brevhus.

Høylandsbygd, 3 verksemder

Lars Bjørgen båtbyggeri

Byggjer alle sortar lyst- og bruksbåtar.

N. Kleveland, skipa 1923

Kolonial- og feitevarer, jernvarer, steintøy, solarolje, smørrolje, kunstgjødning m.m.

Georg Eide, skipa 1922

Nybygg og reparasjon av fiskebåtar, 3–4 fartøy pr. år.
Ca. 10 tilsette.

Utåker, 2 verksemder

Fr. Eikemo, skipa 1908

Landhandel, ekspedisjon for HSD og Utåker–Rosendal rutebillag.

O. Heimvik planteskule, skipa 1895

Driven av sønene til grunnleggjaren, Johannes og Johan Heimvik. Utvikling og omsetnad av ulike frukt- og bærplantar.

Matre, 1 verksemd

A. Kvandal, skipa 1873

Landhandel og bakeri. Dampskipsekspedisjon for HSD.

Sandvoll, 4 verksemder

A.P. Sandvoll, skipa 1928

Landhandel. Dampskipsekspedisjon.

Kristoffer Sandvoll, skipa 1936

Møbelverkstad, vanl. møblar – særleg småmøblar.

Sandvold Sagbruk, skipa 1870

Inneh.: Anton Sandvoll. Leigeskjering.

Sandvoll Sanddrift, skipa 1916

Inneh.: O. Fretheim-Olsen. Utskiping av ulike typar sand og singel.

Åkra, 2 verksemder

Johs. J. Vågen, skipa 1896

Landhandel. Omsetnad av kolonial-, manufakturvarer, skotøy, kraftfôr, mjøl m.m.

Tørris J. Wågen, skipa 1895

Ass. landhandel.

Varaldsøy, 11 verksemder

Arent R. Abrahamsen & sønn A/S, skipa 1933

Møbelfabrikk. Sal gjennom agentar over heile landet. 10–12 tilsette.

Hanna Christie Abrahamsen

Interiørarkitekt og brukskunstnar.

Johs. Haukenes, skipa 1936

Bakeri. Brød og kaker.

Olav Kaarstad

Snekkeri, møblar dører og glas.

N.N. Skjelnes, skipa 1932

Smie og mek. verkstad. Motorreparasjonar, mekanisk arbeid og reparasjonar. 45 tilsette.

Erik Skjelnæs, skipa 1899

Landhandel. Omsetnad av kolonial-, manufaktur- og jernvarer. 2 tilsette.

John Tangeraas, skipa 1933

Båtbyggjar, særleg robåtar, motorbåtar og snurpe-dorryar.

John Tveit, skipa 1935

Landhandel. Omsetnad av kolonial-, og manufakturvarer, skotøy, kraftfôr, mjøl m.m. Frukthandel med norsk frukt.

Varaldsøy handelslag A/S, skipa 1912

Styrar: Nils Øyerhamn. Landhandel. Omsetnad av kolonial-, og manufakturvarer, skotøy.

Varaldsøy pensjonat, skipa 1937

Inneh.: Marie Nernes.

Varaldsøy sparebank, skipa 1927

Styrar: Einar Skjelnes. Overtok Varaldsøy privatbank, skipa 1906. Ope onsdag og laurdag 14.00–16.00.

Fjelberg, 4 verksemder

Aksel Arnevik, skipa 1922

Styrar: Nils Høyland. Landhandel. Omsetnad av kolonial-, og manufakturvarer, kraftfôr, mjøl m.m. Medisinutsal. Ekspedisjon for HSD.

J. Christophersen, skipa 1913

Landhandel. Omsetnad av kolonial-, og manufakturvarer, skotøy, m.m.

Åsmund Djuve Landhandel, skipa 1939

Levering av smørølje og solarølje. Fabrikasjon av ski. Reparasjon av båtar. Ekspedisjon for HSD.

Eid Sokn Sparebank, skipa 1842

Stifta ved Jens Fr. Undal. Vanleg sparebankverksemd.

Valen, 2 verksemder

E.B. Eikeland A/S, skipa 1935

Landhandel, dampskipsekspedisjon.

A. Skåle, skipa 1933

Landhandel, manufaktur, konfeksjon og skotøy.

Halsnøy Kloster, 3 verksemder

H. M. Eide, skipa 1924

Landhandel, sal av fiskeriutstyr, olje og petroleum.
Medisinutsal for Stord Apotek. Dampskipsekspedisjon.

Gimle A/S, skipa 1940

Styrar: Gudrun Seberg. Landhandel.

Andreas Jul Mjølkerute, skipa 1946

Mjølkerute mellom Klostervågen og Sunde 2 gonger dagleg. Mjølka kjem med mjølkebil frå Høylandsbygd, og vert omlasta i Klostervågen.

Sæbøvik, 13 verksemder

Hagatun Kafe og pensjonat

Inneh.: Camilla Sjo. Tek i mot reisande heile året.

Halsnøens handelslag A/S, skipa 1917

Styrar: Cl. Størksen. Landhandel, steintøy, jernvarer, manufaktur, skulemateriell.

Halsnøy pensjonat

Inneh.: Kaare Sjo. Tek imot gjester for kortare og lengre opphald.

Halsnøens trevarefabrikk, skipa 1915

Styrar: M.T. Landa. Produksjon av møblar, dører, vind-
augo og hermetikk-kasser.

H. Huglen Skofabrikk, skipa 1926

Produksjon og reparasjon av alle typar skotøy.

M. Johnsen mek, verkstad, skipa 1940

Reparasjonar av landbruksmaskiner og båtmotorar
m.m. 3 tilsette.

Brødrene Koløy

Trevarefabrikk.

N. Nilsen. Ass. landhandel, skipa 1907

Kolonial- og manufakturvarer, steintøy, glas, olje,
såkorn, gjødning, måling, sement og bygningsartiklar.
Tankanlegg for solar og bensin. Eigen varebil.
Opp til 13 tilsette.

Nygaard Steinbrudd, skipa 1949

Inneh.: Samson Nygaard. Leige og drift: Bergen ham-
nekontor. Framdriving av kaistein til Bergen kommu-
ne, bautasteinar, stein til bruer og kaiar. Steinslag:
Granitt.

Rob. Olsen, skipa 1947

Landhandel. 2 tilsette.

Olaf L. Sjo Skipsbyggeri

Bygging og reparasjon av fartøy inntil 60 fot.

Johan Særsten

Postopnar, dampskipsekspeditør, telefonstyrar.

Lars Særsten Drosjebiltrafikk, skipa 1936

Drosjekøyring med 5-setars Opel.

Toftevågen, 8 verksemder

Olai Lygre Hansen Skomakarverkstad, skipa 1909

Produksjon og reparasjon av all slags skotøy.

Stavanger Preservering

Andreas Tofte Landhandel, skipa 1935

Omsetnad av vanlege kolonialvarer.

Bjarne Tofte

Leif og Baste Tofte. Skyss- og fraktebåtar, skipa 1942

Skyss av arbeidsfolk og tilfeldig transport. Frakt av div. Smågods.

T.G. Tofte Bakeri, skipa 1914

Bakeri og konditori med levering av alle sortar brød og kaker frå eigen butikk.

Nils og Bjarne Tofte Tomatgartneri, skipa 1942

Dyrking av tomater i drivhus til levering for Gartnarhallen. Direkte sal av tomat- og kålplantar.

Toftevaag Treindustri, skipa 1948

Inneh.: Johs. G. Tofte. Produksjon av ulike trevarer, med dører og vindaugo som spesialitet.